



**RADØY**  
den grøne øya

# Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026

## - ***ALLE I AKTIVITET!***



Vedtatt i kommunestyret i Radøy kommune 3. mars 2016

## Forord

Tidene har endra seg. For dei fleste av oss er ikkje kvardagen lenger lagt opp slik at me gjennom arbeid og fritid får den viktige, fysiske aktiviteten i det omfanget me veit at me treng. Sjølv om det dei siste tiåra har vore ein auke i andelen av befolkninga som trener og mosjonerer, har samfunnet utvikla seg slik at fysisk belastning og aktivitetsnivå både på arbeid, ved transport og i fritida har gått ned. Dette skuldast mellom anna aukande bruk av bil som erstatning for å gå eller å sykla, meir stillesittande arbeid, samt ei generell utvikling i tilgang til hjelpemiddel som gjer kvardagen mindre fysisk krevjande. I dag er det å vera i fysisk aktivitet noko ein i større grad må velja aktivt, men ein kan like gjerne velja å la vera.

Aukande inaktivitet i store deler av befolkninga er blant dei største helseutfordringane i framtida. Å vera fysisk aktiv i kvardagen t.d. gjennom idrett og friluftsliv er altså ikkje berre ein verdi i seg sjølv, men har også stor nytteverdi i eit folkehelseperspektiv. Planen du no les har som føremål å leggja til rette for at flest mogleg er fysisk aktive i kvardagen. Det skal vera lett å velgja å vera fysisk aktiv i Radøy kommune!

Dei aller fleste former for fysisk aktivitet bidreg positivt for folkehelsa, og det er derfor viktig at tilrettelegginga har breidde og inkluderer tilbod for alle. Fokus bør ikkje berre vera på tradisjonell anleggsutbygging, men vel så mykje på å leggja til rette for den spontane og uorganiserte aktiviteten i nærområdet. Enkle og mindre kostnadskrevjande tiltak er også viktige bidrag. Gjennom å ta vare på «hundremeterskogen» som ungane leiker i etter skuletid, leggja til rette for turgåing i nærområde der folk bur eller gjennom å rettleia og hjelpa lag og organisasjonar som har ønskjer og draumar om å realisera idrettsanlegg og anna, kan kommunen spela ei viktig rolle for å få befolkninga meir aktiv.

Men samstundes som visjonane er store og ønskja for framtida er mange, set den kommunale økonomien også klare begrensingar. Vanskelege prioriteringar må gjerast, og målet er at denne planen skal gi eit godt grunnlag for dette viktige prioriteringsarbeidet.

Planen er utarbeidd etter Kulturdepartementet sin rettleiar – *Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet* (revidert utgåve 2014), og er ein føresetnad for tildeling av spelemidlar.

Manger, februar 2016

## Innhaldsliste

Forord .....	1
0. Samandrag.....	5
1. Innleiing .....	6
1.1 Føremålet med planen .....	6
1.2 Premissar for planen.....	6
1.3 Planprosessen .....	7
2. Rammer og overordna føringer.....	8
2.1 Lover og forskrifter .....	8
2.2 Statlege føringer .....	9
2.3 Regionale planar .....	11
2.4 Kommunale planar .....	12
3. Resultatvurdering av førre plan .....	13
3.1 Målsetjingar og strategiar i førre plan.....	13
3.2 Status etter planperioden - resultatvurdering .....	13
4. Utfordringar og utviklingstrekk .....	15
4.1 Demografi .....	15
4.2 Folkehelse .....	17
4.3 Medlemsutvikling i idrettslaga .....	18
4.4 Anleggsdekning.....	19
4.5 Forvaltning, drift og vedlikehald.....	20
4.5.1 Idrettsanlegg .....	20
4.5.2 Nærmiljøanlegg.....	22
4.5.3 Friluftsliv.....	22
4.6 Samarbeid og medverknad.....	23
5. Anleggs- og aktivitetsstatus.....	24
5.1 Idrettsanlegg .....	24
5.1.1 Fotball .....	24
5.1.2 Turn og trampett.....	24
5.1.3 Friidrett .....	24

5.1.4 Basketball .....	25
5.1.5 Volleyball .....	25
5.1.6 Symjing .....	25
5.1.7 Bordtennis .....	25
5.1.8 Skyting .....	26
5.1.9 Handball .....	26
5.1.10 Orientering .....	26
5.1.11 Dykking .....	26
5.1.12 Sykkel/BMX .....	27
5.1.13 Motor/trial .....	27
5.1.14 Hestesport .....	27
5.1.15 Klatring .....	27
5.1.16 Anna .....	28
5.2 Natur- og friluftsanlegg .....	28
5.2.1 Friluftsområde .....	28
5.2.2 Turstiar, - løyper og -vegar .....	29
5.2.3 Badeplassar .....	31
5.2.5 Padling og roing .....	32
5.3 Nærmiljøanlegg og aktivitetsområde .....	32
5.3.1 Ballbingar .....	32
5.3.2 Sandvolleyballbane .....	33
5.3.3 Andre nærmiljøanlegg .....	33
5.4 Analyse av behov .....	33
6. Mål og strategiar .....	34
6.1 Overordna målsettingar .....	34
6.2 Delmål .....	34
6.2.1 Aktivitet .....	34
6.2.2 Anlegg .....	35
7. Handlings- og langtidsprogram .....	38
7.1 Prioritert handlingsprogram ordinære anlegg 2016-2019 .....	38
7.2 Prioritert handlingsprogram nærmiljøanlegg 2016-2019 .....	39
7.3 Langtidsprogram 2016-2026, ikkje prioritert .....	41

7.4 Handlingsplan for aktivitet .....	41
Årlege aktivitetar/tiltak.....	42
8. Litteratur og referansar .....	44
Vedlegg 1 – Kart .....	46
Vedlegg 2 – Oversikt over anlegg.....	51
Vedlegg 3 - Evaluering av anleggsutbygginga 2008-2015 .....	53
Vedlegg 4 - Lag og organisasjonar .....	56
Vedlegg 5 - Klargjering av omgrep .....	57

## 0. Samandrag

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø er ein tematisk plan som har status som kommunedelplan med heimel i plan- og bygningslova § 11-1. Planen skal vera eit styringsverkty for politikarar og administrasjonen i kommunen, og danna grunnlag for prioriteringar og strategiar innanfor fagfeltet. Gjennom prioriteringane i planen ønskjer kommunen å leggja til rette for auka fysisk aktivitet, og stimulera til betre helse og trivsel hjå innbyggjarane i kommunen.

Planen evaluerer resultatet etter førre plan, presenterer ein del utfordringar og utviklingstrekk og viser status for anlegg og aktivitetar i kommunen i dag. På dette grunnlaget stakar planen ut kurs for vidare satsing på anleggsutbygging og aktivitetstiltak for å få folk fysisk aktive. Ein slik plan er ein føresetnad for å kunna søkja spelemidlar.

Visionen for planen er «Alle i aktivitet». Denne visjonen dannar grunnlaget for planen sine to hovudmålsetjingar:

1. *Radøy kommune skal bidra til auka fysisk aktivitet for innbyggjarane i kommunen.*
2. *Radøy kommune skal leggja til rette for gode anlegg og område for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.*

Det er vidare skissert fleire delmål som byggjer opp under hovudmåla. Planen presenterer strategiar og fordeler ansvar for dei planlagde tiltaka. Planen skal også bidra til betre kommunikasjon, styrka samarbeid og ei klarare ansvarsfordeling mellom kommunen, idrettsrådet og lag og organisasjonar. Idrettslaga og andre frivillige organisasjonar er viktige samarbeidspartar når det gjeld gjennomføringa av tiltaka. Dette gjeld både utbygging av anlegg og det å skapa aktivitetar i nye og eksisterande anlegg.

Handlingsprogram for perioden 2015-2018, og langtidsprogram fram til 2026 er styrande for prioriteringar i planperioden. Både handlingsprogrammet og langtidsprogrammet skal rullerast årleg.

Planen peikar på viktige utfordringar og utviklingstrekk som gjeld:

1. Auka folketal og stadig fleire eldre
2. Inaktivitet
3. Fråfall av ungdomar i idrettslaga
4. Samarbeid og medverknad
5. Anleggsdekning
6. Forvaltning og drift av anlegg

## **1. Innleiing**

Også for radøysamfunnet vil fysisk inaktivitet vera ei av dei største helseutfordringane i framtida. Meir fysisk aktivitet i kvardagen vil såleis vera eitt av tiltaka med størst positiv effekt på folkehelsa. Regelmessig aktivitet og trening kan ikkje berre førebyggja, men også kurera og redusera ei rekke sjukdommar og helseplager. Å auka den fysiske aktiviteten i befolkninga vil derfor potensielt kunna spara samfunnet for store kostnadurar. Å leggja til rette for idrett og fysisk aktivitet vert i stadig større grad sett på som ei investering i betre folkehelse, - gjennom å førebygga meir og reparera mindre.

Ulike behov, føresetnader og interesser gjer det naudsynt å leggja til rette for breidde og variasjon i aktivitetstilbodet. Helse vert skapt der folk bur, og kvardagslivets arenaer bør verta prioritert dersom ein ønskjer fleire i aktivitet. Radøy, den grøne øya, har med sin flotte natur, etablerte anlegg og sitt sterke organisasjonsliv eit godt utgangspunkt for å leggja til rette for «alle i aktivitet». Samspelet med lag, organisasjonar og andre frivillige er også avgjerande for å lukkast.

### **1.1 Føremålet med planen**

Gjennom prioriteringane i planen ønskjer kommunen å leggja til rette for auka fysisk aktivitet, og stimulera til betre helse og trivsel hjå innbyggjarane i kommunen.

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø skal vera kommunen sitt styringsdokument i dette arbeidet, og dannar grunnlag for ei langsiktig utvikling av anlegg for idrett og fysisk aktivitet, inkludert friluftsliv, i Radøy kommune. I tillegg til anleggsutvikling, fokuserer planen også på å skapa aktivitet i anlegga. Planen gjev også innspel ved revisjon og utarbeiding av andre kommunale planar, og i arbeidet med økonomiplanen.

Sidan 1994 har det også vore eit statleg krav at kommunane skulle utarbeida ein tematisk plan for idrett og friluftsliv i samsvar med plan- og bygningslova. Kommunedelplanen vil derfor danna grunnlag for å søkja spelemidlar til ordinære anlegg og nærmiljøanlegg. Planen skal også bidra til betre kommunikasjon, styrka samarbeid og ei klarare ansvarsfordeling mellom kommunen, idrettsrådet og idrettslaga. Det er også eit føremål å oppdatera planen for å sikra at nye sentrale føringar, samfunnsendringar og endra behov blir teke inn. Det er viktig å få eit planverktøy som speglar dagens situasjon, behov og ynskje for framtida.

### **1.2 Premissar for planen**

Planen, som har fått tittelen *Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026*, er ein tematisk plan med status som kommunedelplan. Planen er prioritert i Kommunal planstrategi for Radøy 2012-2016, og planarbeidet skjer etter føresegne i plan- og bygningslova.

Planen er utan juridisk bindande verknad når det gjeld arealdisponeringar. I den grad det er naudsynt, vil ein i dette planarbeidet kunna gje tilrådingar om arealdisponeringar til kommuneplanen sin arealdel. Kommunedelplanen skal ha ein handlingsdel som syner korleis planen skal følgjast opp, og denne skal reviderast årleg.

For at planen skal vera eit reelt styringsverktøy, er det teke omsyn til at:

- Planen skal vera realistisk i høve økonomi og ressursbruk.
- Behov skal vera vurderte ut frå forventa aktivitetsutvikling og etterspurnad i kommunen.
- Det skal vera ein open planprosess med rom for medverknad.
- Planen skal ha fokus på fysisk aktivitet, irekna friluftsliv.

### **1.3 Planprosessen**

Planprosessen starta opp i 2012. Formannskapet vedtok oppstart og la planprogrammet ut på høyring 15. mars 2012 med høyringsfrist 15. mai 2012. Av ulike årsaker stoppa arbeidet med planprogrammet opp, men 20. februar 2014 vart planprogrammet vedtatt i formannskapet.

Det har vore sett ned ei administrativ arbeidsgruppe som har hatt ansvar for gjennomføring av planarbeidet. Frå administrasjonen har følgjande vore med heile eller deler av planprosessen: Lisbeth Alvær, Lin Tove Thomassen, Katarina Birkeland, Kjersti Flatråker, Odd Matre, Leif Taule og Bente K. Hervik. I tillegg har Bjørn Ove Myking representert Radøy idrettsråd i arbeidsgruppa. Formannskapet har vore styringsgruppe for planarbeidet. Ungdomsrådet, eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne har vore referansegruppe.

Det vart invitert til bygdemøte på Sæbø skule 9. mai 2014, og om lag 30 personar stilte. Fylkesidrettsjef Britt Karin Spjeld informerte om planprosessen, og det kom fleire interessante innspel til planarbeidet. Invitasjon til folkemøtet vart annonsert både i lokalaviser og på kommunen si nettside.

Kommunen sine tenesteleirarar, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eldrerådet, er inviterte spesielt til å koma med innspel. Planarbeidet er presentert for frivilligsentralen, og ungdomsrådet har hatt saka til handsaming. Det er også gjennomført barnetråkkregistrering ved Manger skule og Hordabø skule. I samband med eit prosjekt om kartlegging av friluftsområde har ein undersøkt skulane og barnehagane sin bruk av nærområda spesielt, og innbyggjarar sin bruk av friluftsområde generelt. I løpet av planperioden er det kome inn fleire innspel, som er vurderte i løpet av planprosessen.

## 2. Rammer og overordna føringar

Rammene for kommunedelplanen kjem frå ulike nivå. På nasjonalt nivå gjeld lover og forskrifter, samt føringar i mellom anna rundskriv, rikspolitiske retningslinjer og stortingsmeldingar m.m. Det er også utarbeidd ein rettleiar for kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet – sist revidert av Kulturdepartementet i 2014. På regionalt nivå er særleg *PREMISS: KULTUR. Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025* førande. Kommunen har eigne vedtekne mål og planar, blant anna i samfunnssdelen i kommuneplanen. Dei viktigaste dokumenta som dannar rammer og føringar for denne planen, er kort referert i dette kapittelet.

### 2.1 Lover og forskrifter

I det følgjande er det gjort ein kortfatta gjennomgang av dei lovane og retningslinene som er mest relatert til planen.

**Lov om planlegging og byggesakshandsaming av 27. juni 2008 (plan- og bygningslova)** forankrar folkehelsearbeidet i plan- og styringsdokument. All planlegging etter denne lova skal fremja befolkninga si helse og motverka sosiale helseforskellar.

**Lov om pengespill m.v av 28. august 1992** seier mellom anna korleis overskotet i frå speleverksemndene skal fordelast mellom idrettsføremål, kulturføremål og samfunnsnyttige og humanitære organisasjoner.

**Lov om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne av 21. juni 2013 (diskriminerings- og tilgjengeleghetslova)** har som føremål å fremja likestilling og likeverd. Ein skal sikra alle, uavhengig av funksjonsevne, like moglegheiter og rettar til samfunnssdeltaking. Ingen skal i dagleglivet oppleva å verta diskriminerte på grunn av nedsett funksjonsevne, og det er derfor krav til universell utforming i offentlege bygg og anlegg.

**Lov om folkehelsearbeid av 24. juni 2011 (folkehelselova)** har som formål å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse og utjamnar sosiale helseforskellar. Folkehelsearbeidet skal fremja helsa til innbyggjarane, trivsel, gode sosiale og miljømessige tilhøve og bidra til å førebyggja sjukdom, skade og liding. Lova skal sikra at offentlege styresmakter set i verk tiltak og samordnar si verksemd innan folkehelsearbeidet på ein forsvarleg måte.

**Forskrift til opplæringslova** slår fast at elevar på 5.-7. årstrinn skal jamleg ha fysisk aktivitet utanom kroppsøvingsfaget. Til saman skal dette utgjera 76 timer innanfor 5.-7. årstrinn. Den fysiske aktiviteten skal tilretteleggast slik at alle elevar, utan omsyn til funksjonsnivå, kan oppleva glede, meistring, fellesskap og variasjon i skuledagen.

**Lov om barnehager av 17. juni 2005** seier at «*barnehagen skal gi barn muligheter for leik, livsutfaldning og meiningsfylte opplevelingar og aktiviteter. Barnehagen skal og ha ein helsefremjande og ein førebyggjande funksjon, og bidra til å utjamne sosiale skilnader.*»

**Lov om friluftslivet av 28. juni 1957** har som føremål å verna friluftslivet sitt naturgrunnlag og sikra ålmenta sin rett til ferdsel og opphold i naturen, slik at mogelegheita til å utøva friluftsliv som helsefremjande, trivselskapande og miljøvenleg fritidsaktivitet vert bevart og fremja. Allemannsretten, som gjer alle rett til fri ferdsel til fots og på ski i utmark, er heimla i friluftslova.

### **Lov om forvaltning av naturens mangfold av 1. juli 2009**

Føremålet med lova er å sikra at naturen med det biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfaldet slik at dei økologiske prosessane vert tekne vare på ved berekraftig bruk og vern. Ein skal forvalta naturen slik at den gir grunnlag for mennesket si verksemd, kultur, helse og trivsel, no og i framtida.

## **2.2 Statlege føringer**

Statlege føringer som vert refererte til i dette kapittelet legg rammer for idrettspolitikk, folkehelse, arealavsetting og tilrettelegging for fysisk aktivitet i kommunal sektor.

**St.meld. nr. 14 (1999-2000), «*Idrettslivet i endring*»** framhevar idrett og fysisk aktivitet for alle uteha som den overordna visjonen for statleg idrettspolitikk. Ikkje berre organisert idrett har rett til offentleg støtte. Alle skal få høve til å driva idrett og fysisk aktivitet tilpassa den lokale aktivitetsprofilen. Born og unge er primære målgrupper.

**Handlingsplan for fysisk aktivitet 2005-2009, «*Sammen for fysisk aktivitet*»** framhevar kor viktig fysisk aktivitet er for befolkninga si helse og trivsel. Målet om auka fysisk aktivitet skal nåast gjennom ein samla strategi som omfattar tiltak på fleire samfunnsområde og arenaer - i barnehage, skule, arbeidsplass, transport, nærmiljø og fritid.

**St.meld. nr. 26 (2011–2012) «*Den norske idrettsmodellen*»** slår fast at staten sitt overordna mål med idrettspolitikken kan samanfattast i visjonen «idrett og fysisk aktivitet for alle». Dette betyr at staten skal leggja til rette for at alle som ønskjer det skal ha høve til å driva idrett og fysisk aktivitet. Prioriterte målgrupper er born (6-12 år) og ungdom (13-19 år), personar med nedsett funksjonsevne og inaktive. I eit vidare perspektiv handlar idrett og om sosiale fellesskap, om gode oppvekstvilkår og om god helse, element som er verdifulle både for den einskilde og for samfunnet som heilskap. Stortingsmeldinga legg mellom anna opp til ei auka satsing på eigenorganisert fysisk aktivitet.

**Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv - «*En satsing på friluftsliv i hverdagen*» ; 2014–2020** inneheld både konkrete tiltak, føringer og retningsliner for staten sitt vidare arbeid med friluftslivet i åra fram mot 2020. Målet for den statlege friluftspolitikken er at flest mogleg av befolkninga, uavhengig av alder, kjønn, bustad, etnisk bakgrunn og fysiske føresetnader, skal driva med friluftsliv. Strategien peikar ut born, unge, personar som er lite

fysisk aktive, personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne som prioritert målgruppe i statens arbeid med friluftsliv. Strategien slår fast at friluftsliv i og ved byar og tettstader skal prioriterast i det statlege friluftslivsarbeidet i åra som kjem.

Den statlege friluftslivspolitikken har fire nasjonale mål:

- Det skal vera mogleg for alle å driva friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles.
- Område av verdi for friluftslivet skal sikrast og forvaltast slik at naturgrunnlaget vert tatt vare på.
- Allemannsretten skal haldast i hevd.
- Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal medverka til å fremja eit aktivt friluftsliv og skapa helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenlege nærmiljø.

**Stortingsmelding nr. 47 (2008-2009), «Samhandlingsreforma»** legg stor vekt på førebyggingsarbeidet, altså at ein ein skal førebyggja framfor å reparera. Stortingsmeldinga slår fast at trenden i dag er eit generelt lågare fysisk aktivitetsnivå på fritida, på arbeid, skule og ved transport enn tidlegare. Personar som har eit lågt fysisk aktivitetsnivå, har større risiko for å pådra seg sjukdom eller nedsett funksjonsnivå samanlikna med personar som er fysisk aktive.

**St.meld. 34 (2012–2013) «God helse – felles ansvar» (folkehelsemeldinga)** representerer nasjonale styresmakter si oppfølging av føringane i folkehelselova. Utgangspunktet for folkehelsepolitikken er at helse ikkje berre er fråvær av sjukdom, men også inkluderer overskot, trivsel og velvære.

Av folkehelsemeldinga går det fram at:

- det skal leggjast fram ein strategi for eit aktivt friluftsliv som skal leggja til rette for friluftsliv for alle og friluftsliv i nærmiljøet,
- bidra til at friluftsområda i heile landet vert kartlagte og verdisette,
- vidareføra og vidareutvikla ordninga med statleg sikring og tilrettelegging av særleg viktige friluftsområde, der friluftsområde i nærmiljøet vert prioritert
- leggja meir vekt på å forhindra nedbygging av lokale «100-meterskogar» og andre viktige naturområde for ferdsel og friluftsliv i nærleiken av buområde.

Det skal spesielt leggjast vekt på tiltak retta mot barn og unge

**St.meld. nr 19 (2014-2015) Folkehelsemeldingen: Mestring og muligheter** har som mål å styrkja det førebyggjande helsearbeidet. Det er tre nye innsatsområde i planen: 1 ) Psykisk helse skal få ein større plass i folkehelsearbeidet, 2 ) det skal verta lettare å ta helsevenlege val og 3 ) det skal utviklast ein ny og moderne eldrepolitikk som rettar merksemda mot betydinga av aktiv aldring. Meldinga seier også at ein skal styrka innsatsen retta mot born og unge og sørge for ei brei, tverrsektoriell satsing på folkehelse.

**Nasjonal handlingsplan for statlig sikring og tilrettelegging av friluftslivsområder** syner at statleg medverknad til sikring og tilrettelegging av viktige område og ferdsselsårer for friluftsliv er viktige verkemiddel for å nå dei nasjonale måla for friluftslivpolitikken. Det overordna målet med statleg sikring av friluftslivsområde er at det skal generera mest mogleg friluftslivsaktivitet.

**St.meld. 26 (2006-2007) «Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand»** tek opp viktige punkt som arealpolitikk, oppvekstmiljøet til born og unge og ulike tilhøve knytt til friluftsliv. Relevant for denne planen er strategi for å sikra areal for friluftsutøving og sikra vilkår for utøving av allemannsretten.

**Nasjonal transportplan 2014-2023** legg mellom anna føringar for sykkelstrategien i Noreg fram mot 2023. Stortinget prioriterer bygging av gang- og sykkelvegar gjennom Nasjonal Transportplan.

## 2.3 Regionale planar

Planen byggjer m.a. på følgjande regionale planverk og styringsdokument:

**«Premiss: Kultur- regional kulturplan for Hordaland 2015-2025»** omhandlar heile kulturfeltet, ikkje berre fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Planen har følgjande mål for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv:

- Fleire born og unge skal vera i minimum 60 minutt dagleg fysisk aktivitet.
- Fleire vaksne skal vera i fysisk aktivitet minimum 150 minutt per veke med moderat intensitet eller 75 minutt med høg intensitet.
- Born, ungdom og personar med særskilde behov skal få eit variert aktivitetstilbod i idretten.
- Unge, lovande idrettsutøvarar og toppidrettsutøvarar skal få utvikla seg i lokalmiljøa/regionen.
- Fleire skal delta i friluftsliv på jamn og varig basis, med særleg fokus på born og ungdom.
- Sikra og leggja til rette fleire og betre anlegg for friluftsliv. Alle tettstader og byar skal ha maksimalt 500 meter til nærmeste turløype

Hordaland fylkeskommune sin **Regional plan for folkehelse - Fleire gode leveår for alle 2014-2025** skal bidra til eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid, som fører til gode levekår i befolkninga og til utjamning av sosiale helseeskilnader. Visjonen for planen er «fleire gode leveår for alle!»

**Område for friluftsliv. Kartlegging og verdisetting av regionalt viktige område i Hordaland** frå 2008 vart utarbeidd fot å skaffa eit betre kunnskapsgrunnlag for slik å kunna hindra at areal som er viktige for friluftsaktivitetar forsvinn eller vert forringa. I denne kartlegginga vart 19 område i Radøy registrert, og av desse vart 14 vurderte som viktige eller svært viktige.

## **2.4 Kommunale planar**

**Kommuneplan for Radøy 2011-2023** er kommunen sitt fremste arealpolitiske styringsverktøy og legg rammene for den langsiktige utviklinga av kommunen. I samfunnssdelen til kommuneplanen vart visjonen «*tryggleik, trivsel og livskvalitet for alle*» vedtatt. Kommuneplanen har som ei av tre overordna målsetjingar at kommunen skal sikra gode oppvekstvilkår for born og unge. Andre målsetjingar er mellom anna å redusera sosiale helseeskilnader, at det skal satsast på helsefremjande og førebyggjande arbeid og at kulturtilbodet i kommunen skal fremja fysisk aktivitet.

**Kulturplan for Radøy kommune (2011-2020)** er ein temaplan og har vore eit viktig styringsdokument for kultursatsinga i kommunen dei siste åra. Kulturplanen har mellom anna desse overordna målsetjingane: kultursatsinga skal vera prega av samhandling mellom ulike aktørar i samfunnslivet, kulturtilbodet skal fremja fysisk aktivitet, den frivillige innsatsen skal stimulerast og støttast, at born og unge skal prioriterast og at kulturlivet skal vera inkluderande for alle.

**Trafikksikringsplan for Radøy kommune 2014-2020** er eit viktig verkty for kommunen for å planleggja eigne prosjekt på kommunale vegar og til å koma med innspel til tiltak og prioriteringar på riks- og fylkesvegane. Trafikksikringsplanen gir oversikt over alle «problem-punkta» på vegnettet og med bakgrunn i dette er det utarbeidd prioriteringar både på kortsiktige og langsiktige tiltak, som gang- og sykkelvegar, vegutbetring, veglys m.m.

Det er starta opp eit prosjekt for **kartlegging og verdsetting av friluftsområde i Radøy kommune**. Kartlegginga skal visa kva for område som vert nytta til friluftsliv i kommunen, og områda skal verdisetjast ut frå ei rekje kriterium som t.d. bruksfrekvens, spesielle eigenskapar, tilrettelegging og potensiale. Det skal vera eit ekstra fokus på friluftsområde i og nær tettstader. Kartlegginga skal fullførast i 2016 og leggjast ut i Naturbase.

**Kommunal årsplan for barnehagane i Radøy 2009-2012** er forlenga i påvente av ny rammeplan for barnehagane. Planen har kropp og rørsle som eitt av fagområda, og presenterer fleire mål og tiltak innanfor dette feltet.

**Kartlegging av folkehelsa. Helseoversikt Radøy kommune 2012/2013** kartlegg helsetilstanden i befolkninga og drøftar kva for faktorar som verkar inn på helsa til folk. Kartlegginga seier lite om kor aktive folk i Radøy kommune er, men opplyser at 78 % av ungdomsskuleelevarane er fysisk aktive på fritida.

## 3. Resultatvurdering av førre plan

### 3.1 Målsetjingar og strategiar i førre plan

*Kommunal plan for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø (2008 – 2011)* skisserte følgjande mål:

- Radøy kommune skal leggja tilhøva til rette for at folk i alle aldersgrupper får høve til fysisk aktivitet og naturopplevingar ut frå eigne føresetnader og behov.
- I planperioden skal barn og unge prioriterast.
- Det er eit overordna mål at anlegg og friluftsområde vert tilgjengelege for alle.
- Leggja til rette for uorganiserte aktivitetar i nærmiljøa.

Strategiar for å nå måla var:

- Styra utbygginga av anlegg og tilrettelegginga for idrett og friluftsliv etter mål og plan.
- Sikra tilstrekkeleg areal og område for friluftsliv, idrett og samordna arealbehova.
- Universell utforming av anlegg og aktivitetsområde.
- Følgja opp rikspolitiske retningsliner for barn og unge gjennom avsetjing av areal og bygging av anlegg.
- Klarleggja ansvarstilhøva mellom kommunen, grunneigarar og lag når det gjeld utbygging og drift av anlegg og friluftsområde.
- Sjå til at det vert tatt geografiske omsyn ved plassering av nærmiljøanlegg.

### 3.2 Status etter planperioden - resultatvurdering

*Kommunal plan for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø (2008 – 2011)* prioriterte anlegg innanfor kategoriene friluftsliv, nærmiljøanlegg og idrettsanlegg. Fom. 2012 har kommunen årleg rullert prioriteringsslista for utbygging av idrettsanlegg og handsama denne politisk, og denne har danna grunnlaget for søknader om spelemidlar.

Fleirtalet av idrettsanlegga som er prioriterte i planen og dei seinare prioriteringsslistene anten ferdigstilte eller under arbeid. Radøy kommune har fleire velfungerande idrettslag, mange eldsjeler og eit idrettsråd med god kompetanse innanfor planlegging av idrettsanlegg. Idrettslaga har saman med idrettsrådet sørsla for at dei rette anlegga vert prioriterte og at det vert søkt spelemidlar.

Sidan planen vart vedtatt i 2008 er det særleg fotballen som har betra kåra sine i Radøy kommune. Det har kome nytt dekke på banene på Hordabø, Manger og i Austmarka. Også skyttarlaget har fått betre vilkår ved at arbeidet i Haukåsen no er i gang og anlegget delvis er opna. Dermed har skyttarlaget delvis kunna fasa ut bruken av den lite føremålstenlege bana ved Svartetjørnet.

Innanfor anlegg for friluftsliv og turstiar er fleire av prosjekta gjennomført. Dette gjeld særleg dei prosjekta der Bergen og omland friluftsråd (BOF) har hatt ansvar for, t.d. i

Solheimsvika ved Austmarka. Av dei prosjekta som ikkje er gjennomførte, er fleire no uaktuelle.

Nokre stiar er skilta og merka dei siste åra, men det er framleis eit etterslep på merking, gradering og tilrettelegging av turstiar i Radøy kommune. Det er ikkje noko lokalt turlag i kommunen, med unntak av Nordhordland turlag, som ikkje har turstiprosjekt i låglandet. Dei prosjekta som er gjennomførte eller under arbeid, har vore eit samarbeid mellom kommunen og lokale grendalag eller idrettslag i deira nærområde. Det har vist seg at det er viktig med tett oppfølging og godt samarbeid mellom kommunen og lokale lag for å få gjennomført slike turstiprosjekt.

Nesten ingen av nærmiljøanlegga som var prioriterte i førre plan er realiserte.

Nærmiljøanlegg er anlegg eller område tilrettelagt for eigenorganisert fysisk aktivitet, hovudsakleg lagt i tilknyting til bustad- og/eller andre opphaldsrområde. Nærmiljøanlegg/-område skal vera fritt tilgjengelege for ålmenta. Manglande realisering av nærmiljøanlegg kan t.d. skuldast manglande realisme i planane, at ein ikkje har prioritert dei «rette» anlegga, at ein ikkje har sikra nok medverknad i planlegginga eller at oppfølginga av planen i ettertid ikkje har vore god nok. For å sikra utbygging av gode nærmiljøanlegg framover er det viktig at ein tar utgangspunkt i kva for anlegg det er behov for og at kommunen tar initiativ og følgjer opp.

For oversikt over status for alle dei anlegga som var tatt med i førre plan og i dei seinare prioriteringslistene, sjå vedlegg 3.


## 4. Utfordringar og utviklingstrekk

Samfunnet har dei siste tiåra gått gjennom store endringar. Mange av dei utfordringane, ferdigheitene og opplevingane me tidlegare fekk som ein del av kvardagen må me no oppsøka og prioritera. I dag er det gjerne mål om betre helse, veltrent eller «finare» kropp, meistring, konkurranse, naturopplewingar og/eller sosialt fellesskap som gjer at ein vel å vera fysisk aktiv. I dag kan dei fleste, om dei ynskjer, velja ein stillesittande livsstil, og gjeremål i kvardagen kan utførast utan å anstrenga seg fysisk.

For å kunna prioritera tiltak som kan føra til auka fysisk aktivitet i samfunnet i dag, må me ha kunnskap om viktige utfordringar og utviklingstrekk som har innverknad på feltet. Nokre av desse vil me sjå nærare på i dette kapitlet.

### 4.1 Demografi

Talet på innbyggjarar i Radøy aukar jamt og trutt, og kommunen har hatt auke i folketalet dei fleste år sidan 2000. I 2000 var det 4582 innbyggjarar i kommunen, medan folketalet i 2015 så vidt har passert 5000. Radøy kommune har i dag ein snittalder på 40,22 år. Det er om lag som landsgjennomsnittet.



Folkemengd i Radøy etter kjønn og alder 2015.

Ut frå utrekningar gjort av SSB er det i 2025 venta at det skal vera 5583 innbyggjarar i kommunen, og 5997 innbyggjarar i 2040, om me tar utgangspunkt i middels nasjonal vekst.

	2015	2025	2040
0-9 år	622	643	631
10-19 år	688	684	692
20-29 år	571	595	582
30-39 år	653	711	688
40-49 år	726	737	781
50-59 år	642	747	758
60-69 år	598	649	701
70-79 år	351	529	637
80-89 år	176	235	419
90-99 år	56	52	107
100 år eller eldre	0	1	1
Totalt	5083	5583	5997

Tabell 2 : Framskriven folketalsutvikling (middels nasjonal vekst), Radøy kommune. Kjelde: SSB.

	2015	2025	2040
0-9 år	12,24	11,52	10,52
10-19 år	13,54	12,25	11,54
20-29 år	11,23	10,66	9,70
30-39 år	12,85	12,74	11,47
40-49 år	14,28	13,20	13,02
50-59 år	12,63	13,38	12,64
60-69 år	11,76	11,62	11,69
70-79 år	6,91	9,48	10,62
80-89 år	3,46	4,21	6,99
90-99 år	1,10	0,93	1,78
100 år eller eldre	0,00	0,02	0,02

Tabellen viser kor stor del av befolkninga kvar aldersgruppe utgjer etter framskriven folketalsutvikling (middels nasjonal vekst), Radøy kommune. Kjelde: SSB.

Tabellane ovanfor syner at det er blant eldre personar me ventar den største folketalsauken. Der eldre over 70 i dag utgjer 11,5 % av befolkninga, vil dei i 2040 utgjera heile 19,4 % av folketalet i kommunen. Talet både på born, ungdom og vaksne i alderen 20-49 er venta å halda seg nokså konstant, og dei vil dermed utgjera ein stadig mindre del av folkesetnaden i kommunen. Talet på personar i alderen 50-59 år vil auka i tal, men halda seg på kring 12-13 % av folketalet i kommunen totalt. Det same gjeld tal på personar i alderen 60-69 år som er venta å liggja på mellom 11 og 12 % av innbyggjartalet.

Dette gjev oss ei utvikling der det vert stadig færre born og unge og personar i yrkesfør alder per innbyggjar over 70 år. Dette er ei utvikling som er felles med resten av landet.

Radøy kommune har over mange år hatt ei prioritert satsing på barn og unge. Ved å etablera gode vaner tidleg i livet, vil ein leggja grunnlaget for god helse også seinare i livet. Tala frå SSB viser at det likevel er viktig at ein i den langsiktige planlegginga tar omsyn til at det framover vert stadig fleire eldre i kommunen.

## 4.2 Folkehelse

Inaktivitet er av Helsedirektoratet definert som ein av dei største truslane mot folkehelsa. Nordmenn lever lengre, men svekka helse kombinert med høgare levealder, gjer at me kan forventa ein stor auke i helsekostnadene. Folkehelsearbeidet er eit satsingsområde nasjonalt, regionalt og lokalt. Arbeidet er sektorovergripande og omfattar tema frå kosthald, fysisk aktivitet, røyk og rus til trivsel og velvere. Tiltaka vert retta både mot individua og mot strukturelle faktorar som fremjar eller svekkjer folkehelsa. Samhandling og samordning på tvers av ulike fagområde er utfordrande, men naudsynt.

Folkehelsearbeidet har heile befolkninga som målgruppe, både born og unge, vaksne og eldre. Det er viktig å leggja til rette for at born og unge kan etablera gode aktivitetsvanar, men det er også viktig å leggja til rette for at vaksne og eldre kan få høve til å oppretthalda eller auka sin fysiske aktivitet. Ein må også tenkja på tilrettelegging av anlegg og aktivitetar for menneske med nedsett funksjonsevne.

Sosial skilnad innan levevanar er òg ei utfordring. Folkehelseinstituttet legg årleg ut oppdaterte folkehelseprofilar, der nøkkeltal for kommunen og fylket vert samanlikna med landstal. Indikatorane tek høgde for alder og kjønnsamansetning i kommunen, men all statistikk må og tolkast i lys av kunnskap om lokale forhold. Radøy ligg dårlegare an enn landet som heilskap mellom anna på følgjande område: muskel-/skjelettplagar, hjerte- og karsjukdommar og type 2-diabetes. Auke i fysisk aktivitet vil gi positive verknader for desse gruppene.

For å betra folkehelsa, er det naudsynt med tiltak som får flest mogleg i aktivitet. Tre av fire vaksne opplyser at dei trenar eller driv fysisk aktivitet som mosjon ein eller fleire gonger i veka. Dei fleste driv dette som eigenorganisert fysisk aktivitet. Treningsentre har og styrka sin posisjon blant vaksne, og dei seinare åra har også stadig fleire ungdomar nytta tilboda til kommersielle treningsentre. I Radøy kommune har me treningsenteret Trim og Trening på Manger som har eit breidt tilbod til sine medlemer, med alt frå rehabilitering til prestasjonsrelatert trening.

Idrettslag har ikkje like stor oppslutnad blant vaksne, men talet på aktive, vaksne medlemer har vore stabilt dei siste 25 åra. Når det gjeld born og unge er det 85 % som er eller har vore medlem i eit idrettslag. Å sikra gode anlegg for idrett er ein viktig føresetnad for å leggja til rette for fysisk aktivitet blant innbyggjarane. Særleg for born og unge er det svært viktig å gje idrettslag rammeverk som gjer at dei kan halda oppe aktivitetten.

Ikkje alle er vane med å vera fysisk aktive. Eit spørsmål er korleis ein kan få personar som ikkje er fysisk aktive til å få kunnskap, motivasjon og positiv erfaring med fysisk aktivitet nok til at dei vel å vera meir fysisk aktive. Ein del kan nok fangast opp gjennom organisert idrett, medan andre gjerne vil trekka mot private treningsstudio eller anna eigenorganisert aktivitet.


Forsking viser at det er viktig å leggja til rette for spontan og/eller eigenorganisert aktivitet som gjer aktive val enkle. Friluftsliv er i ei særstilling som fritidsaktivitet i Noreg. Gåing er den vanlegaste fysiske aktiviteten i alle aldersgrupper, og fotturar i skog og mark er den suverent største aktiviteten. Heile 2/3 av alle innbyggjarane driv med dette. Fysisk aktivitet og friluftsliv i naturen og nærmiljøet skårar også høgast når folk vert spurte om kva dei ynskjer å gjera meir av. Turgåing er den aktiviteten som har potensial for å aktivisera dei som i dag er for lite fysisk aktive. Attraktive turvegar og merka turstiar i nærmiljøa, i område nær bustader og frå utfartsstader senkar terskelen for å gå tur. Ei satsing på friluftsliv i nærlieken av tettbygde område vil såleis vera blant einskildtiltaka som vil ha størst effekt for å få fleire i aktivitet.

Ei utvida satsing på ordninga med treningskontaktar kan også vera eit tiltak for å få fleire i aktivitet. Ein treningskontakt er ein støttekontakt som skal motivera brukar til å driva fysisk aktivitet og bidra til å finna aktivitetar som kan passa for kvar einskild.

Omsynet til folkehelsearbeidet og universell utforming skal ikkje fortrenga fokuset på born og unge, lag- og organisasjonsidrett og friluftsliv, men bør derimot vera retningsgjevande for dette arbeidet.


### 4.3 Medlemsutvikling i idrettslag

I følgje Idrettsrådet sine tal er om lag 1500 innbyggjarar engasjert i organisert aktivitet gjennom medlemskap i ulike idrettsslag. Tala er relativt stabile over tid. Anleggsstrukturen og aktivitetsprofilen innan idrett og fysisk aktivitet er relativ tradisjonell i Radøy kommune. Fotball er den største idretten med om lag 650 aktive, men kommunen har eit breidt idrettstilbod til born og unge. Kommunen skil seg ut frå den nasjonale statistikken ved manglende vintersporttilbod, noko som ikkje er så uforklarleg med det klimaet kystkommunen har.



Kjelde: Idrettsregistreringen og SSB.

Tabellen på førre side viser at talet på medlemsskap i idrettslaga i Radøy er nokså stabil. Talet på medlemskap ligg på kring 30 % av innbyggjartalet i kommunen.



Kjelde: Idrettsregistreringa og SSB.

Tabellen ovanfor viser kor mange medlemsskap born og unge har i idrettslaga i kommunen. Som me ser av tabellen fell talet på medlemsskap i alderen 13-19 år. Dette treng ikkje bety at dei som sluttar i eit idrettslag vert inaktive, men kan like gjerne bety at dei konsentrerer seg om éin aktivitet, eller at dei går over til eigenorganiserte aktivitetar eller til trening i treningsstudio.

Ungdomsundersøkinga i Radøy frå 2012 viser at 78 % av elevane på ungdomsskulen var fysisk aktive på fritida, utan at me veit noko meir om kor mykje og korleis dei var aktive. Radøy kommune bør gjennomføra ei ny og grundigare undersøking av aktivitetsnivået i befolkninga, slik at ein kan spissa tiltaka mot å få fleire i meir aktivitet.

#### 4.4 Anleggsdekning

Målet med bygging og rehabilitering av idrettsanlegg er å gi flest mogeleg høve til å driva idrett og fysisk aktivitet. I Radøy kommune er dei aller fleste idrettsanlegga eigd av lag og organisasjonar. Dette er anlegg for fotball, skyteanlegg og fleirbrukshallar. Tilstanden til dei private anlegga er stort sett god, men det er behov for garderobefasilitetar og klubblokale ved fleire av anlegga. Skyteanlegget i Haukåsen er under arbeid, og førebels er berre 100 meter riflebane tatt i bruk. Ved Skogen Sletta er det kome innspel om at det er behov for oppgraderingar.

Fleire fleirbrukshallar og kunstgrasbaner med lys gjer at aktivitet kan gå føre seg heile året. Kapasiteten ved Hordabøhallen er sprengt, men kunstgrasbana som er under bygging vil frigjera halvtid til fleire aktivitetar.

Av ordinære idrettsanlegg eig kommunen berre Radøyhallen, fleir brukshallen ved Sæbø skule og gymsalar ved barneskulane på Austebygd, Hordabø og Manger. I tillegg kjem aktivitetsanlegg ved skulane som er definerte som nærmiljøanlegg. Kommunen har dei siste åra gjennomført rehabilitering både i 25-metersbasseneget, terapibasseneget og i idrettshallen i Radøyhallen. Fleir brukshallen ved Sæbø skule er nesten ny (frå 2009), medan gymsalane ved Austebygd skule og Hordabø skule er i god stand. Gymsalen ved Manger skule treng rehabilitering av garderobane.

Radøy kommune planlegg å byggja ein universelt utforma turveg på Manger.

Kommunestyret har løyvd midlar til denne vegen, og prosjekteringsarbeidet er byrja.

Anleggsituasjonen på idrettsfronten kan såleis seiast å vera god i Radøy, jamvel om det stadig er behov for nye investeringar til utviding og rehabilitering av anlegg. Radøy kommune har få anlegg for eigenorganisert fysisk aktivitet og få tilrettelagte friluftsområde. Dette er noko som bør prioriterast i åra framover, i tråd med statlege føringar. Det manglar også anlegg for fleire småidrettar både i Radøy og Nordhordland. I samarbeid med dei andre nordhordlandsommunane bør ein få utarbeidd ein felles plan for anlegg i regionen.

## 4.5 Forvaltning, drift og vedlikehald

Både kommunen, Idrettsrådet og idrettslaga har ei rolle innan forvaltning, drift og vedlikehald av anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i Radøy kommune.

### 4.5.1 Idrettsanlegg

Dei fleste idrettsanlegga i kommunen er eigmend og drive av idrettslaga. Det frivillige arbeidet er viktigaste innsatsfaktoren i idretts- og organisasjonslivet i kommunen, og mange brukar svært mykje av fritida si til slikt arbeid. I følgje tal frå Hordaland idrettskrets i informasjonsbrosjyre for idrettsråda i Hordaland hadde den frivillige innsatsen i Radøy kommune ein verdi på meir enn 10 millionar kroner i 2014!

Utfordringa er at frivillig arbeid og dugnadsånd i norsk organisasjonsliv er i endring og tilbakegang. Dette er ein trend me ser både nasjonalt og i kommunen. Det er utfordringar med å få folk til å stilla til dugnad og til verv i organisasjonane, noko som igjen gjev utfordringar med å få folk til drift og vedlikehald. Det er også ei utfordring å få personar til å ta på seg leiar- eller trenaroppgåver i laga. Dette gjer at idrettsaktivitetar det er interesse for å få i gang ikkje vert starta opp. Frivillig innsats er heilt avgjerande for å skapa og oppretthalda aktivitetsnivået, og for å halda på "eldsjelene" er det viktig at dei ytre rammene vert lagt til rette på best mogeleg måte. Idrettsrådet har difor spelt inn ønske om at kommunen årleg set av midlar til leiaropplæring, særleg retta mot opplæring innan nye idrettsaktivitetar.

Kvart år løyver Radøy kommune midlar til vedlikehald av idrettsanlegga, men idrettslaga uttrykkjer bekymring over at dei årlege løyvingane frå kommunen er for låge i høve til kostnadane knytt til drift og vedlikehald. Radøy kommune har for tida avgrensa økonomisk spelerom. Nivået på driftsstøtta til lag og organisasjonar skal vurderast kvart år i samband

med budsjettarbeidet og rulleringa av økonomiplanen. I samband med gjennomgang av retningslinene for tildeling av kulturmiddlar, skal fordelingsnøkkelen og kriterium for fordeling av kulturmiddlar vurderast.

Den økonomiske situasjonen i kommunen har gjort at kommunen dei seinare åra har vore meir tilbakehalden med tilskot og økonomisk støtte til lag og organisasjoner i samband med rehabilitering og nytablering av idrettsanlegg. I 2015 handsama kommunestyret sak om kommunalt eigarskap og tilskot til idrettslag ved rehabilitering og etablering av nye idrettsanlegg. Konklusjonen var at det ikkje var aktuelt å gå inn som medeigar i anlegg, men at leigeavtale om bruk av anlegg for kommunale tenester kunne vera ei løysing. Praksis har vore at kommunen i 2015 også gav tilskot over driftsbudsjettet både ved rehabilitering og nytablering, men med tilskot fordelt over fleire år. Det er behov for ei presisering av ordninga.

Radøy kommune eig og driftar Radøyhallen, samt fleirbrukshallen ved Sæbø skule og gymsalane ved Manger, Hordabø og Austebygd skular. Det er særleg dei to første som vert nytta til idrettsleg aktivitet utover bruken til skular og barnehagar. Idrettshallen i Radøyhallen vart rehabilert i 2015 og fekk nytt golv og ny el-tavle. Det er søkt spelemiddlar til denne rehabiliteringa. Det er planlagd eit nytt lagerbygg i tilknytning til idrettshallen. Halltid vert fordelt mellom laga etter søknad med frist kring 15. mai. Hallen har stort sett fullt belegg på kveldstid alle vekedagar utanom fredag. I tillegg er hallen ofte utleigd i helger til ulike aktivitetar.

For å sikra at flest mogleg får nytta hallen kan hallen delast inn i inntil fire delar, slik at ein kan ha fleire aktørar som brukar hallen parallelt. Kommunen har også innført at ein må betala for den halltida som er bestilt, om ein ikkje avbestiller i god tid, sjølv om ein ikkje har nytta hallen. Slik sørger ein for at den halltida som er bestilt faktisk vert nytta. Frå idrettslaga er det ytra ønske om å nytta dei kommunale anlegga utan å betala leige for desse.

Skulane brukar bassenga i Radøyhallen på dagtid. Bassenga i Radøyhallen er ope på kveldstid tre dagar i veka og på laurdagar. Dei andre dagane vert bassenga nytta av Radøy symjeklubb. LHL, revmatikarlaget, Trim og trening og babysymjinga. Bassenga vert også leidt ut til diverse arrangement. Bassenga er normalt stengt mai/juni-august. Det er eit ynskje, særleg frå symjeklubben, at bassenget skal vera ope fleire månader i året.

Det er kultur- og sørvistorget som har ansvar for booking av Radøyhallen, inkludert bassenget, utanom skuletida. For å synleggjera når Radøyhallen er i bruk og når det er ledig tid, er det lagt ut kalender på nettsida til kommunen. Fleirbrukshallen på Sæbø skule er også mykje nytta mellom anna til turnaktivitetar og fotball. Det er Sæbø skule som administrerer bruken av denne hallen.

Spelemiddelfinansiering av anlegg medfører også plikter for bruk, drift og vedlikehald. Mellom anna pliktar anleggseigar å halda anlegget ope for allmenn idrettsleg verksemد i 30

år frå ferdigstilling av anlegget. Dette inneber plikt til å driva på årsbasis, eller på sesongbasis for idrettar som har kortare sesongar. Kravet gjeld både ved nybygg og rehabilitering. For nærmiljøanlegg pliktar eigar å halda anlegget ope for eigenorganisert idrettsleg/fysisk aktivitet i 20 år frå ferdigstilling av anlegget. Dette inneber plikt til å driva på årsbasis eller, for dei aktivitetane som er sesongrelaterte, på sesongbasis.

#### **4.5.2 Nærmiljøanlegg**

Kommunen står som eigar av fleire nærmiljøanlegg knytt til skulane. I tillegg er det fleire private nærmiljøanlegg ulike stader i kommunen. Kommunen har ikkje full oversikt over vedlikehaldsbehov eller korleis desse anlegga vert nytta. Det bør difor lagast ein vedlikehaldsplan for nærmiljøanlegga i kommunen. Gode aktivitetsanlegg som gir utfordringar til ulike aldersgrupper i nærleiken av der folk bur og oppheld seg er ein effektiv måte å få fleire i aktivitet. Radøy kommune bør vurdera å byggja slike anlegg fleire stader i kommunen. Mellom anna er det kome inn ynskje om eit parkouranlegg i nærleiken av Radøy ungdomsskule og Radøy ungdomsklubb og betre aktivitetsanlegg i nærleiken av skulane.

#### **4.5.3 Friluftsliv**

Radøy kommune har ei rekke flotte friluftsområde. Det er viktig å sikra at dei mest nytta områda er godt tilrettelagt med parkeringsplassar, klopper og gjerdeklyv der det er naudsynt, og at dei er tilstrekkeleg merka og skilta. Oppsetting av bord/benkar slik at det er høve til å kvila, er og viktig.

I tråd med den nasjonale strategien for friluftsliv bør kommunen prioritera turstiar som ligg nær dei største bustadområda. Tilrettelegging, vedlikehald og marknadsføring av turstiar og turområde bør vera eit samarbeid mellom kommunen og lokale lag og organisasjonar.

Kommunen bør vurdera om nye område bør statleg sikrast, og ikkje minst er det viktig at ein ved hjelp av plan- og bygningslova sikrar område til friluftsliv i samband med regulering av nye utbyggingsområde.

Radøy kommune er med i Bergen og omland friluftsråd (BOF), som driftar seks friluftsområde i kommunen mot eit årleg tilskot. Samarbeidet med BOF er godt og kommunen opplever at BOF gjer ein svært god jobb med dei friluftsområda dei driftar i kommunen. BOF bidrar også med råd og rettleiing til kommunen som gjeld andre friluftsområde og turstiar i kommunen. Det vil vera ein fordel om samarbeidet med BOF kjem inn i endå fastare rammer, og faste kontaktpunkt bør på plass.

Det er utarbeidd eit turkart for Radøy og Lindås og ei bok om turar i Radøy. Då desse er ein del år og mange endringar har skjedd, bør ein vurdera om desse skal reviderast og gjevast ut på ny. Kommunen har prioritert å leggja ut turar på [www.ut.no](http://www.ut.no), fordi det då er lettare å halda kart og turskildringar oppdaterte.

Det er per i dag ingen universelt utforma turområde i Radøy kommune. Det er løyvd midlar til ein slik turveg på Manger, og prosjekteringa er i gang. Kommunen bør også vurdera å tilrettelegga minst éin badeplass for personar med nedsett funksjonsevne.

## 4.6 Samarbeid og medverknad

Radøy kommune og Radøy idrettsråd signerte i 2011 ein samarbeidsavtale. I avtalen heiter det at saker som er av felles interesse for idretten og som idrettslaga ønskjer å fremja til kommunen, skal formidlast gjennom idrettsrådet. Idrettsrådet har også høyringsrett i saker som gjeld idretten direkte eller som har konsekvensar for idretten. Avtalen skal evaluerast og evt reviderast kvart fjerde år.

Idrettsrådet uttalar seg om kvart år om tildeling av kulturmidlar, vedlikehaldsmidlar for anlegg, kommunen sitt budsjett, fordeling av halltider i Radøyhallen, prioriteringsliste for idrettsanlegg og andre einskildsaker. Kommunen og idrettsrådet har også samarbeid om ulike arrangement for idrettslaga, born og unge. Idrettsrådet bidrar også i arbeidsgrupper eller referansegrupper innan planarbeid eller prosjekt som er relevante for idretten.

Idrettsrådet og kommunen har tett kontakt, ikkje minst gjennom kommunale prosjekt der idrettsrådet bidrar. Det er likevel behov for å få samarbeidet i endå fastare former, og ikkje minst å sørgra for at den eksisterande samarbeidsavtalen vert gjort betre kjend og får meir fotfeste både i idrettslaga, idrettsrådet, kommuneadministrasjonen og blant politikarane. Det bør også utarbeidast skriftlege rutinar for samhandling og informasjonsflyt mellom kommunen, idrettsrådet og idrettslaga.

## 5. Anleggs- og aktivitetsstatus

### 5.1 Idrettsanlegg

#### 5.1.1 Fotball

Fotball er den største idretten i Radøy kommune, og kommunen har fem godkjente fotballbaner, som er eigd og drive av idrettslaga. Fotballbanene held god kvalitet.

Stad	Type
Austmarka	Kunstgras
Hordabø	Gras
Hordabø	Grus/kunstgras
Manger	Kunstgras
Sletta	Gras

Manger IL har rusta opp kunstgrasbana på Manger. Underlaget er styrka og det er lagt nytt dekke i 2015. Hordabø IL er i gang med arbeidet med å leggja kunstgras på grusbana, og det er planlagd eit lysanlegg. Ved kunstgrasbana i Austmarka er det sett opp eit garderobebygg med enkel løysing for toalett og garderobar.

#### Aktuelle prosjekt:

Manger IL ønskjer å få på plass eigna garderobeanlegg til bana i Grønålen. Det vert arbeidd med å få på plass ekstra kontor og lagerplass i eksisterande klubbhus. Klubbhuset har i dag ikkje garderobar eller toalett. Manger IL har også planar om å få på plass ei 5-ar bane mellom Grønålvegen og kunstgrasbana.

Radøy IL planlegg å bygga nytt garderobeanlegg i Austmarka med plass til litt meir enn berre garderobar.

#### 5.1.2 Turn og trampett

Radøy IL tilbyr idrettsskule, turn og trampett til born og unge på Samfunnshuset Skogen Sletta og i hallen ved Sæbø skule. Dette er eit populært tilbod drive over fleire tiår av ei handfull med eldsjeler.

#### Aktuelle prosjekt:

Radøy IL planlegg å bygga tilbygg med lagerplass for utstyr på Skogen Sletta. Dei ser at det er utfordringar med å ha plass til eige utstyr og treng meir lagerplass.

#### 5.1.3 Friidrett

Ingen av anlegga på Radøy har tilrettelagt for friidrettsbane. Born og unge i Radøy drar til Knarvik og Austrheim for å få eit friidrettstilbod.

#### Aktuelle prosjekt:

Hordabø IL har planar om eit anlegg for friidrett ved Hordabø idrettspark. Manger IL planlegg

å leggja til rette for utandørs friidrettsaktivitet ved langsida av kunstgrasbana mot idrettsvegen. Dei skal ha på plass løpebane, og anlegg for lengde- og høgdehopp.

#### **5.1.4 Basketball**

Hordabø IL har per 2015 basketballaktivitet med eitt lag som trener i Hordabøhallen og spelar kampar i Radøyhallen.

##### **Aktuelle prosjekt:**

Det er ikkje meld inn aktuelle prosjekt. Det er gode fasilitetar for basketball både i Hordabøhallen og i Radøyhallen.

#### **5.1.5 Volleyball**

Tidlegare har volleyballaktiviteten i Radøy blomstra ulike stadar på Radøy. Den siste perioden har det vore vanskar med å få på plass ansvarlege leiarar. Både gymsalar og hallar er tilrettelagt for volleyballspeling. I Radøyhallen møtest ei trimgruppe kvare veke for å spela volleyball. Ved Nesvatnet friluftsområde ligg ei sandvolleyballbane. Området vert hyppig brukt både av ungdomar og skuleklassar i sommarhalvåret.

##### **Aktuelle prosjekt:**

Det er ikkje meldt inn aktuelle prosjekt. Det er gode fasilitetar for volleyball i Radøy kommune.

#### **5.1.6 Symjing**

Radøyhallen har 25-metersbasseng og terapibasseng. Det er lagt ny duk i hovudbassenget, som er i god stand.

Bassenga er ope for offentleg bading fire dagar i veka. Det er også tilbod om vassaerobic for vaksne i opningstida. Skular og barnehagar deler på å bruka bassenga i skuletida.

Radøyhallen husar også Radøy symjeklubb, som har om lag 100 medlemer. Symjeklubben arrangerer stemne for 25 m basseng og nyttar anlegget 3 til 4 dagar i veka.

LHL og revmatikarlaget tilbyr trening til medlemmene sine i terapibassenget. Kvar haust og vår er det også mogleg å delta i babysymjegrupper i regi av eit privat firma. Det lokale treiningssenteret og fysioterapeutar tilbyr også treningsopplegg for brukarar både i terapi- og hovudbasseng.

##### **Aktuelle prosjekt:**

Det er ikkje meldt inn aktuelle prosjekt.

#### **5.1.7 Bordtennis**

I utstillingshallen ved Radøy ungdomsskule er det eit uorganisert tilbod om bordtennis. Til tider aktiviserer dette mange ungdomar. Bordtennisspelar Tommy Urhaug er Radøy sin største idrettsutøvar, han og treningsteamet skal ha mykje av æra for at born og unge har eit tilbod tilgjengeleg. Elevar ved Radøy ungdomsskule kan spela bordtennis i friminutta. Radøy bordtennisklubb ved Sæbø skule har ein periode ikkje hatt aktivitet.

#### **Aktuelle prosjekt:**

Radøy bordtennisklubb er i startgropa for å gi eit tilbod til interesserte ved Sæbø skule. Idrettsrådet skal bidra til reetablering av klubben.

#### **5.1.8 Skyting**

Radøy skyttarlag disponerer eit innandørs skyteanlegg i Radøyhallen og eit utandørs skyteanlegg på Solend. Dei har fått mellombels bruksløyve til 100 m bane med elektroniske skiver i Haukåsen. Dei har faste treningstider i Radøyhallen og gjennomfører stemner og jaktprøvar i Haukåsen.

#### **Aktuelle prosjekt:**

Radøy skyttarlaget har fått regulert eit større område for utandørs skyteanlegg i Haukåsen. Laget ønskjer å utvida anlegget med ulike typar skyteaktivitetar etter kvart som finansieringa er på plass. Skyttarlaget har som målsetjing å få på plass felles lagshus, 200 m riflebane, 100 m riflebane, 50 meter miniatyrbane med støydempa standplassbygg, 50 meter miniatyr viltmålbane, 25 meter presisjon pistolbane med støydempa standplassbygg, permanent feltpistolanlegg, kompakt sportingbane for leirdue, permanent løype for jaktfeltskyting og viltmål/elgbane med støydempa standplassar.

#### **5.1.9 Handball**

Dei siste åra har Manger IL tilbydd handball for jenter på ungdomskuletrinnet i Radøyhallen. Det er eit ønskje om å gje eit tilbod til fleire, men det er vanskeleg å finna nokon til å ta på seg trenaransvaret.

#### **Aktuelle prosjekt:**

Det er ikkje meldt inn aktuelle prosjekt.

#### **5.1.10 Orientering**

Manger IL gav ut eit orienteringskart over Mangersområdet i 2013. Dei tilbyr også turorienteringsløype med 10 postar i området i sommarhalvåret. Manger IL, Hordabø IL og Radøy/Sæbø IL laga i 1978 eit O-kart over Haukåsen. Dette kartet er utdatert.

Det er ei orienteringsgruppe i Manger idrettslag som ligg under Nordhordland orienteringslag. Dei arrangerer mellom anna eit årleg orienteringsløp på Manger.

#### **Aktuelle prosjekt:**

Det er ikkje meldt inn aktuelle prosjekt.

#### **5.1.11 Dykking**

Eit privat firma frå Manger tilbyr fridykking i nærmiljøet. I tillegg kan sertifiserte dykkarar nyta sjølivet rundt øya saman med Nordhordland dykkarklubb. Særleg Fosnstraumen er eit populært område for dykking.

#### **Aktuelle prosjekt:**

Det er ikkje meldt inn aktuelle prosjekt.

### **5.1.12 Sykkel/BMX**

For nokre år sidan vart det sett av midlar til bygging av BMXbane ved Olsvollstranda. Prosjektet vart avslutta og midlane tilbakeført til kommunen. Status per i dag er at det ikkje vert arbeidd med BMXbane og det er ingen område som er merka til dette føremålet i kommuneplanen.

#### **Aktuelle prosjekt**

Det er ikkje meldt inn aktuelle prosjekt, men det er lansert idear om BMX-bane både ved Hordabø idrettspark og Sæbø skule.

### **5.1.13 Motor/trial**

Ved Marås grendahus er det lagt til rette for modellbilløp. Radøy RC investerte i rundteteljar for nokre år sidan. Radøy RC er no blitt ein del av Bergen og omland modellbilklubb, og det er dei som no har ansvar for bana.

Du må utanfor kommunegrensene om du ønskjer å nytt tilbod for bruk av bane til trial eller større køyretøy.

#### **Aktuelle prosjekt**

Det er ikkje meldt inn aktuelle prosjekt.

### **5.1.14 Hestesport**

Radøy ridesenter, som er eit privat eigmend anlegg, er etablert på Søre Solend. Radøy ridesenter tilbyr rideskule for privatpersonar og via oppvekstsektoren i kommunen. Radøy Hestesportklubb og Gustur Islandshestlag har nytta anlegget til diverse arrangement som klubbkveld, fellestreningar, stemner og rideknappen.

Radøy Hestesportklubb er ein liten klubb som har slite med rekruttering til klubbdrifta, og klubben er no i dialog med Nordhordland Hestesportsklubb om samanslåing. Dette vert sannsynlegvis ein realitet i 2016. Den nye klubben vil evt ha aktivitet både på Radøy og andre stader i Nordhordland.

#### **Aktuelle prosjekt**

Radøy ridesenter ynskjer å få sett op ein ridehall å gje eit betre tilbod til dei som ynskjer rideundervisning, og for å kunna utvida sesongen og ikkje vera så avhengige av ver og føre. Ein ridehall vil òg kunna nyttast til hundesport, som t.d. lydighet og agility.

### **5.1.15 Klatring**

Det er ingen klatreanlegg i kommunen, bortsett frå nokre mindre klatreveggar og klatreløyper. Det er per i dag ingen aktive klubbar i kommunen, men fleire personar har tatt bratt-kort.

#### **Aktuelle priosjekt**

Hordabø idrettslag ynskjer å byggja ein klatrehall knytt til Hordabø idrettspark.

### **5.1.16 Anna**

Hordabø IL tilbyr cheerleading for ungdom. Dei trener i Hordabøhallen eller på Hordabø skule.

Manger IL har ei boccia-gruppe som trener på treningsstudioet Trim og trening. Gruppa hører inn under Norges fleiridrettsforbund.

LHL Radøy arrangerer seniordans, eldretrim, sitjedans og hjartetrim for eldre kvar veke.

#### **Aktuelle prosjekt**

Det er ikkje meldt inn aktuelle prosjekt.

## **5.2 Natur- og friluftsanlegg**

Kartleggingar viser at i eit livsløpsperspektiv er det friluftsaktivitetar og uorganiserte aktivitetar som er dei vanlegaste formene for fysisk aktivitet. Aller vanlegast er det å gå turar i skog og mark, som heile 2/3 av alle personar gjer i løpet av eit år. Å driva med fysisk aktivitet i naturen og nærmiljøet er også den aktiviteten som folk flest ynskjer å gjera meir av.

Radøy kommune har gode føresetnader for eit aktivt friluftsliv både på land og i vatn. Det er store, samanhengande tuområde i alle delar av kommunen og fleire statleg sikra friluftsområde. Kommunen har ei lang kystline med mange flotte badeplassar og fiskeplassar. Dei mange ferskvatna i kommunen gjev gode moglegheiter for innlandsfiske. Ei stor hjortestamme sikrar gode jaktmoglegheiter.

### **5.2.1 Friluftsområde**

Store delar av Radøy er i dag LNF-område. Dette er område som med heimel i plan- og bygningslova skal nyttast og sikrast for landbruk og skogbruk, eller skal haldast som natur- og friluftsområde. I slike område nyttar ein grunneigaravtalar for skilting, merking og tilrettelegging av turstiar.

Radøy kommune har sju statleg sikra friluftsområde. Av desse vert seks drifta av Bergen og Omland friluftsråd (BOF). Berre Klesvika ved Nesvatnet står utanfor avtalen med BOF. Dei statleg sikra friluftsområda er viktige område for friluftsliv i kommunen, og avtalen med BOF sikrar god drift, tilsyn og utvikling av områda.

#### **Statleg sikra friluftsområde i Radøy kommune:**

Namn på område	Gnr	Driftsansvar
<b>Byngja</b>	28/79	BOF
<b>Skageneset</b>	41/41	BOF
<b>Klesvika – Manger</b>	45/2	Radøy kommune
<b>Uttoska</b>	43/99	BOF
<b>Toska</b>	43/66	BOF
<b>Trettholmen</b>	42/2	BOF

### Aktuelle prosjekt

Området i Klesvika, som Radøy kommune har ansvar for, er i dag prega av tilgroing og forfall. Det gamle vaskehuset er ramla ned og seinare fjerna. Det ligg føre planar om gjennoppbygging av dette bygget. Bygningen skal brukast til lager for kanoar og diverse utstyr til vannsportaktivitetar for Radøy ungdomsklubb. Det er også planar om å rydda vegetasjon i området.

Bergen og omland friluftsråd har omfattande planar for Skageneset. Dei ynskjer å restaurera huset i Skageneset, hogga ned skog, setja opp ei grillhytte, laga ny veg opp til huset, utbetra uteområdet og tilretteleggja stiar ut til Skageneset.

Radøy kommune bør vurdera fleire område for statleg sikring. Bergen og omland friluftsråd har meld inn at fleire av dei allereie statleg sikra områda bør utvidast. Dette gjeld areal ved følgjande område: Klesvika, Uttoska, Toska nord, Tretholmen (utvidast med delar av Mangersholmane), og Solheimsvika. Området bak Radøyhallen ved Nesvatnet og Ramsvikneset ved Fosnstraumen bør prioriterast på grunn av tilretteleggingsbehovet. Ved sikring av området ved Nesvatnet bør ein også inkludera Prestholmen og Eriksholmen. Heile eller delar av kommunen sin eigedom mellom Grønålen og Nesvatnet bør vurderast for statleg sikring gjennom den vederlagsfrie ordninga. BOF meiner at også Snekkevika kan vera aktuell for sikring. Også her er tilretteleggingsbehovet stort.

Området ved Nesvatnet bør verta universelt utforma med mellom anna handicap-parkering, enkel tilkomst, baderampe og toalett som kan nyttast av alle. Det bør også setjast opp ein universelt utforma gapahuk som er stor nok til at den kan brukast av barnehagar og skuleklassar. BOF vil i løpet av 2016 setja opp stupebrett i området.

### 5.2.2 Turstiar, - løyper og -vegar

Det finst turstiar i alle delar av kommunen. Mange av desse er inntekna i *Turkart for Lindås og Radøy*, i boka *Turar på Radøy* eller presentert på turportalar som t.d. [www.ut.no](http://www.ut.no). Ein del av turane er også merka med enkle skilt og merking undervegs, og delvis tilrettelagt med gjerdeklyv, klopper eller berre plankar. Nokre få turar er skilta og merka etter nasjonal standard. Dei turstiane som er skilta og merka etter nasjonal standard har ein avtale med kvar einskild grunneigar. Gode høve til parkering er ei mangelvare ved mange av turstiane, også fleire av dei mest brukte. Jamt over er turstiane i Radøy kommune lite tilrettelagt samanlikna med turstiar i andre kommunar.

*Nokre av dei mest nytta turstiane i kommunen:*

- Syltaneset
- Vågsbotn
- Bømarkane

- Marøy
- Sætre-Storufshøyen-Lometjørna
- Ystebø-Lometjørna-Samfunnshuset
- Haukåsen
- Tveitåsen
- Skageneset
- Nordre Toska
- Søre Toska
- Tusenårsstaden (Solendfjellet, Nøttveitfjellet, Morkefjellet)
- Søre Hallandsvatnet rundt
- Marås-Namtveit-Kolås-Sævdal
- Sæbøvågen-Lundsåsen
- Sæbøvågen-Kviste
- Solheimsåsen
- Grønfjellet-Peprane
- Vetåsveten/Hestefjellet
- Steinalderstien på Straume

### Aktuelle prosjekt

Det er ingen universelt utforma turvegar i Radøy kommune, men kommunestyret har løyvd midlar til ein universelt utforma turveg på Manger. Arbeidet med prosjektering av denne er i gang. Det er ynskjeleg med lyssetjing av denne vegen for utvida bruk. Det er også uttrykt ynskje om universelt utforma turveg på Bø og ved Austmarka, men det er førebels ingen konkrete planar om dette.

Det er planar om skilting og merking av fleire turstiar i Radøy. Kommunen har også kjøpt inn material til gjerdeklyv, grinder, klopper og benkar. Fleire turstiar treng betre tilrettelegging. Kommunen ynskjer å sjå om det er mogleg å tilretteleggja fleire landbruksvegar til turgåing, for eksempel ved å laga passasje for barnevogn og rullestol utanfor bom. Nokre turstiar bør også vurderast tilrettelagt for riding. Då bør ein setja opp grinder i stadenfor eller i tillegg til gjerdeklyv, og nytta grus eller steinheller i stadenfor klipper.

Det bør vurderast tiltak på stien mot Nøttveitveten og Morkefjellet, som er den mest brukte turstien i Radøy kommune. Stien her er prega av slitasje. Stiane til Skageneset må utbetrast på grunn av stor slitasje. Det er ikkje gode parkeringstilhøve i Marøy, og bilar sperrar ofte både snuplassen og innkjøyringar til landbrukseigedomar. Betre parkeringstilhøve er ynskjeleg her.

Hordabø skule har meld inn at dei ynskjer ein gapahuk ved eit av turområda som skulen nyttar. Både Manger skule og Prestmarka barnehage har meld inn ynskje om gapahuk ved turområda dei nyttar.

### **5.2.3 Badeplassar**

Det er fine badeplassar mange stader i kommunen, både ved sjø og ferskvatn. Miljøretta helsevern tar fleire gongar i året vassprøvar ved dei mest nytta badeplassane. Ein del av badeplassane i kommunen er delvis tilrettelagt, men ingen av dei oppfyller krava til universell utforming.

*Nokre av dei mest nytta badeplassane i kommunen:*

Badeplass	Eigar/Drift
<b>Byngja</b>	BOF
<b>Bøtjørna</b>	Privat
<b>Vågenes</b>	Privat
<b>Munkevika</b>	Radøy kommune/Hellaneset vel
<b>Skageneset</b>	BOF
<b>Mangersholmane</b>	Privat/Manger bygdelag
<b>Trettholmen</b>	BOF
<b>Nesvatnet</b>	Radøy kommune
<b>Skutevika, Mangersnes</b>	Privat
<b>Hallandsvatnet</b>	Privat
<b>Solheimsvika</b>	BOF
<b>Sæbøvågen</b>	Privat
<b>Snekkevika</b>	Privat/Radøy kommune
<b>Sletta kai</b>	Privat

### **Aktuelle prosjekt**

Radøy kommune treng ein universelt utforma badeplass. Administrasjonen har starta sonderingar for å finna ut kvar ein slik kan ligga. Bergen og omland friluftsråd meiner badeplassen ved Toskavegen og området bak Radøyhallen ved Nesvatnet kan vera aktuelle. Kommunen vil gå i vidare dialog med BOF og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne for å avklara kvar ein slik badeplass bør liggja.

Det er ynskjeleg med toalett ved badeplassen langs Toskavegen, ved Nesvatnet og Straume kai. Eit toalettbygg ved Nesvatnet er tenkt i pumpehuset. Dette toalettbrygget vil verta brukt av brukarar av nærmiljøanlegget ved Nesvatnet og dei som nyttar den universelt utforma turvegen. Ved Straume er eit toalett ynskjeleg med tanke på turgåarar, dykkarar, fiskarar og dei som rastar ved kaien.

### **5.2.4 Fiskeplassar**

Som øykommune er det tallause fiskeplassar langs heile Radøy. Nokon av dei mest populære i sjø er langs Toskavegen eller ved Fosnstraumbrau. Fosnstraumen er også kjend som eit eldorado for undervassfiske. Både i Fosnstraumen og ved Toskavegen er det mogleg å parkera.

Mange av ferskvatna i Radøy har fin aure og gjedde. Ved mange av fiskevatna er det sett opp informasjonsskilt om fiskekort. Ingen av fiskeplassane ved sjø er skilta eller tilrettelagt for fiske på annan måte.

#### Aktuelle prosjekt

Betre informasjon om fiskeplassar på kommunen si nettside.

Toalettanlegg, sjå under 5.2.3 badeplassar.

#### 5.2.5 Padling og roing

Radøy er eit eldorado for padling, både på vatn og til sjøs. På sjø er det særleg nordre del av Radøy som er fint å padla med mange lune vågar og viker og øyer der ein kan gå i land. Frå Kolåseidet i sørrenden av Hallandsvatnet er det mogleg å padla, over vatn, elver og gjennom kanalar, nesten samanhengane heilt nord til Bø. Ruta er rydda, men ikkje tilrettelagt på annan måte.

Det er ingen anlegg for roing eller padling i kommunen, ingen utsetjingsramper som er berekna for formålet, og ingen merka padleløyper.

#### Aktuelle prosjekt

Kommunen bør gjennomføra ei kartlegging av stader som er eigna som utgangspunkt for padleløyper, og gjennomføra ei tilrettelegging av nokre av desse. Tilrettelegging bør omfatta merking og gradering av padleløyper, tilrettelegging for utsetjing av kajakk og kano, og høve til parkering.

Padleløypa frå Kolåseidet til Bø er meld inn som eit aktuelt prosjekt for merking og gradering i Turskiltprosjektet.

#### 5.3 Nærmiljøanlegg og aktivitetsområde

Det er etablert nærmiljøanlegg i tilknyting til fleire buområde i Radøy kommune, hovudsakleg ballbingar og ulike småanlegg. Vidare er det etablert nærmiljøanlegg i barnehage- og skuleområde.

##### 5.3.1 Ballbingar

Det er etablert ballbingar følgjande stader:

- Hellaneset
- Sæbø skule
- Selfallet

Ballbingen ved Sæbø skule vert brukt til skøytebane om vinteren.

#### Aktuelle prosjekt

Ballbingen på Sæbø skule er i årleg forfatning på grunn av årleg drenering. Tiltak må vurderast. Det er uttrykt ynskje om ballbinge i tilknytning til Austebrygd skule.

### **5.3.2 Sandvolleyballbane**

Ved Nesvatnet er det ei sandvolleyballbane som er mykje nytta.

#### **Aktuelle prosjekt**

Det er ikkje meld om aktuelle prosjekt.

### **5.3.3 Andre nærmiljøanlegg**

Radøy kommune har få nærmiljøanlegg og anlegg for ulike aktivitetar samanlikna med andre kommunar.

Det er etablert eit mindre utandørs klatreanlegg i byggjefeltet på Bø, og det er også klatrevegg på Sæbø skule. Ved Sæbø skule er det også etablert ein såkalla klatrejungel, som er ei slags hinderløype. Det er også ein privat klatrepark i kommunen.

#### **Aktuelle prosjekt**

Det ynskje om å få etablert aktivitetsanlegg i nærleiken av kvar av dei fire barneskulane i kommunen, og evt eit parkouranlegg i nærleiken av Radøyhallen, og dermed også nær både Radøy ungdomsskule og Radøy ungdomsklubb. Det er også uttrykt ynskje om utandørs treningsapparat i tilknytning til aktivitetsanlegg eller trimløyper.

Trong for andre typar nærmiljøanlegg må vurderast i planperioden.

## **5.4 Analyse av behov**

Gjennomgangen av status for ordinære anlegg viser at Radøy kommune stort sett har god dekning når det gjeld idrettsanlegg. Behovet ligg for det meste på utviding og rehabilitering av eksisterande anlegg. Særleg gjeld dette anlegg knytt til fotball som t.d. garderobeanlegg og lysanlegg, og skyteanlegget i Haukåsen. Av nye anleggstypar er det behov for friidrettsanlegg og klatrehall/-vegg, som heilt vantar i kommunen.

Innanfor nærmiljøanlegg er situasjonen annleis. Radøy kommune har få nærmiljøanlegg for uorganisert leik og aktivitet, utover vanlege leikeplassar. Dette gjeld i alle delar av kommunen. Radøy kommune bør difor leggja planar for bygging av nærmiljøanlegg i alle krinsane, gjerne knytt opp mot skulane. Eit parkouranlegg ved Radøyhallen bør også vurderast. Utbygging av nærmiljøanalegg kan vere tiltak med god verknad på aktivitetsnivå for barn og unge i nærområdet der dei bur.

Radøy kommune har mange tur- og friluftsområde, men det er gjort lite for å tilretteleggja for friluftsliv. For å få fleire ut på tur bør Radøy kommune få fleire merka og graderte turar, betre tilrettelegging av turstiar, betre parkeringstilhøve ved fleire av turmåla og å styrke informasjon om turmoglegheitene i kommunen. Det er også eit behov for minst ein universelt utforma badeplass og toalettfasilitetar ved dei mest nytta friluftsområda.

## 6. Mål og strategiar

### 6.1 Overordna målsettingar

Visjonen «Alle i fysisk aktivitet!» er eit uttrykk for den overordna målsetjinga om å få flest mogleg i fysisk aktivitet i kommunen. Å få flest mogleg i fysisk aktivitet krev m.a.at kommunen bidrar både med tilrettelegging for eit breidt og inkluderande aktivitetstilbod, samt bidrar til gode og velfungerande idretts- og friluftsanlegg i kommunen.

#### Hovudmål 1:

Radøy kommune skal bidra til auka fysisk aktivitet for innbyggjarane i kommunen.

#### Hovudmål 2:

Radøy kommune skal leggja til rette for gode anlegg og område for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

### 6.2.1 Aktivitet

Delmål	Strategi og ansvar
<b>Idrettslag skal ha føreseielege og trygge rammevilkår slik at dei kan oppretthalda og vidareutvikla aktivitetstilbodet, særleg retta mot born og unge.</b>	Nivået på driftsstøtte til lag og organisasjonar skal vurderast ved rullering av budsjett og økonomiplan.  I samband med nye retningsliner for tildeling av kulturmidlar til lag og organisasjonar, skal fordelingsnøkkelen og kriterium vurderast.
<b>Det skal vera gode og føreseielege samhandlingsrutinar mellom kommunen, Idrettsrådet og frivillig sektor.</b>	Styrka samhandlingsrutinar og informasjonsflyt mellom Idrettsrådet, kommunen og idrettslag.
<b>Radøy kommune skal ha eit breidt og allsidig tilbod om fysisk aktivitet for alle aldersgrupper. Born og unge skal prioriterast.</b>	Ungdomskoordinatoren skal i samarbeid med lag og organisasjonar arbeida for eit breidt og inkluderande tilbod om fysisk aktivitet til ungdom.  Kommunen skal arbeida for at born og unge har tilbod som stimulerer til fysisk aktivitet også i skuleferiar.  Frivilligsentralen skal samarbeida med lag og organisasjonar om å tilby aktivitetar som fremjar fysisk aktivitet.

	<p>Radøy kommune skal vurdera ei ordning der alle førsteklassingar busette i kommunen skal få bada gratis i Radøyhallen når det er offentleg badning.</p>
<b>Born og unge i Radøy kommune skal ha fysisk aktivitet som ein naturleg del av kvardagen.</b>	<p>Skular og barnehagar i Radøy kommune skal kunne nytta turområda i nærmiljøet gjennom heile året.</p> <p>Skulane skal gjennomføra haldningsskapande arbeid for å få flest mogeleg til å gå eller sykla til skulen der skulevegen tillåt det.</p> <p>Radøy kommune skal vurdera å innføra ei ordning om at skulane skal ha éin time fysisk aktivitet for elevane kvar dag.</p>
<b>I Radøy kommune skal det vera eit inkluderande tilbod om fysisk aktivitet.</b>	<p>Radøy kommune skal ha eit tett samarbeid med lag og organisasjonar som tilrettelegg tilbod for menneske med særskilte behov.</p> <p>Radøy kommune skal bidra til rekruttering og kursing av treningskontaktar.</p>
<b>Fleire radværingar skal ta i bruk naturen til friluftsaktivitetar.</b>	<p>Radøy kommune skal informera om friluftsaktivitetar og stader for å vera aktiv i naturen.</p> <p>Radøy kommune skal ta initiativ til samarbeid med friluftsorganisasjonane og andre frivillige om aktivitetar som fremjar fysisk aktivitet.</p>

## 6.2.2 Anlegg

Delmål	Strategi og ansvar
<b>Alle idrettsanlegg i kommunen skal vera i tilfredsstillande stand.</b>	Nivået på kommunalt tilskot til idrettsanlegg må vurderast ved rullering av budsjett og økonomiplan.
<b>Innbyggjarane i Radøy kommune skal ha tilgang på anlegg for dei mest etterspurte</b>	Handlingsplanen skal leggjast ut på høyring i samband med rullering for å fanga opp nye

<b>idrettsaktivitetane.</b>	behov.  Radøy kommune skal ta initiativ til at det vert laga ein interkommunal plan for idrettsanlegg i Nordhordland.  Radøy kommune skal årleg vurdera om bassenga i Radøyhallen kan haldast opne ut mai månad.
<b>De skal vera føreseielege rammevilkår ved rehabilitering og etablering av nye idrettsanlegg.</b>	Kommunen skal presisera kva praksis som gjeld ved økonomisk tilskot i samband med rehabilitering og etablering av nye idrettsanlegg.
<b>Anlegg for idrett og fysisk aktivitet skal innfri gjeldande krav til universell utforming.</b>	Både kommunen og idrettslaga skal arbeida for å betra universell utforming av anlegg der det er naudsynt.  Krav om universell utforming skal følgjast opp i samband med kommunal førehandsgodkjenning av anlegg.  Kommunen skal legga til rette for brukarmedverknad og ha dialog med Råd for menneske med nedsett funksjonsemne i planprosessane.
<b>Det skal vera gode anlegg for uorganisert fysisk aktivitet i alle krinsane i kommunen.</b>	Radøy kommune bør vurdera å etablera aktivitetsanlegg/-parkar i tilknyting til grunnskulane. Tilskotsordningar må nyttast i den grad det er aktuelt.  Kommunen skal gjennomføra ei kartlegging av tilstanden til eksisterande nærmiljøanlegg.
<b>Det skal vera lett tilgjengelege turstiar i alle delar av kommunen.</b>	Det skal arbeidast for å få skilta, merka og tilrettelagt turstiar i alle delar av kommunen.  Det skal vera gode parkeringsmoglegheiter ved dei viktigaste turområda i kommunen.
<b>Viktige friluftsområde i kommunen skal takast omsyn til i kommunal planlegging og utbygging.</b>	Friluftsområde i Radøy kommune skal kartleggjast og verdisetjast for å sikra at dei viktigaste friluftsområda, turstiane og grøne korridorar vert tatt omsyn til i planarbeid.

<b>Det skal vera gode, tilrettelagte friluftsområde i tilknytning til kvar skule og barnehage.</b>	Skular og barnehagar bør ha friluftsområde i nærområdet der dei har fasilitetar som gjer at dei kan driva eit aktivt friluftsliv uansett årstid.
<b>Det skal vera mogleg for personar med nedsett funksjonsevne å driva friluftsliv i Radøy kommune.</b>	<p>Radøy kommune skal, i samarbeid med Manger IL, byggja ein universelt utforma turveg på Manger. Det skal vera lys langs løypa.</p> <p>Kommunen set i gang prosess med å få laga ein universelt utforma badeplass i kommunen.</p>

## 7. Handlings- og langtidsprogram

### 7.1 Prioritert handlingsprogram ordinære anlegg 2016-2019

Handlingsprogrammet skal rullerast årleg.

Pri.	Anlegg	Eigar	Status	Kostnad	2016			2017			2018			2019		
					K	SM	PM	K	SM	PM	K	SM	PM	K	SM	PM
1	Skytebane Haukåsen, (100 m riflebane)	Radøy skyttarlag	Søknad	1 685	75		850	75			75			75		
2	Radøyhallen, rehabilitering	Radøy kommune	Søknad	763	597											
3	Grønålen kunstgrasbane	Manger IL	Søknad	3 472	0		692	0			0			0		
4	Hordabø, kunstgrasbane	Hordabø IL	Søknad	8 095	40			40			40			40		
5	Hordabø, lysanlegg	Hordabø IL	Søknad	1 054												
6	Austmarka,garderobeanlegg	Radøy IL	Planlagd													
7	Hordabø, anlegg for friidrett	Hordabø IL	Planlagd													
8	Hordabø, klubbhus og hus for drift og materiell	Hordabø IL	Planlagd													
9	Minianlegg for friidrett i Grønålen	Manger IL	Planlagd													
10	Manger, garderobar/klubbhus	Manger IL	Planlagd													
11	Manger, ny 5-ar bane	Manger IL	Planlagd													
12	Turveg Manger	Radøy kommune/ Manger IL	Planlagd													
	Tilbygg/lager ved Skogen Sletta	Skogen Sletta/ Radøy IL	Planlagd													

	Klatrehall	Hordabø IL	Planlagd												
	Tursti Manger-Nøttveitveten-Nøttveit														
	Toalettbygg - Nesvatnet	Radøy kommune													
	Toalettbygg - Straume kai	Radøy kommune													
	200 meter riflebane med støydempa standplassbygg	Radøy skyttarlag	Planlagd												
	Klatrevegg i/ved Radøyhallen	Radøy kommune													
	Utbygging/oppgradering av sømjehallen i Radøyhallen	Radøy kommune													

Alle beløp i tusen kr (2015-kroner). Alle kostnader er brutto tal, og investeringane vert i hovudsak finansiert med spelemidlar, kommunen og eigne midlar. K = kommune, SM = spelemidlar og PM = private midlar

## 7.2 Prioritert handlingsprogram nærmiljøanlegg 2016-2019

Handlingsprogrammet skal rullerast årleg.

Pri.	Anlegg	Tiltakshavar	Status	Kostnad	2016			2017			2018			2019		
					K	PM	SM	K	PM	SM	K	PM	SM	K	PM	SM
1	Sæbø skule - Klatrepark	Sæbø skule	Søknad	377	189		188									
2	Skageneset - Grindverksbygg	Bergen og omland friluftsråd	Søknad	600			300									
3	Skageneset - Fleirbruksplate-	Bergen og omland friluftsråd	Søknad	600			300									

4	Skageneset - turstiar	Bergen og omland friluftsråd	Søknad	167			84							
	Gapahuk – Nesvatnet	Radøy kommune												
	Aktivitetsanlegg - Bø	Radøy kommune												
	Aktivitetsanlegg - Manger	Radøy kommune												
	Aktivitetsanlegg - Austmarka	Radøy kommune												
	Aktivitetsanlegg - Austebygd	Radøy kommune												
	BMX-bane Hordabø													
	Rehabilitering ballbinge - Austmarka	Radøy kommune												
	Turløype rundt Bøtjørna													
	Parkeringsplass i Marøy (Ikke rett til spelemidlar)	Radøy kommune												
	Ballbinge/ballflate Manger skule	Radøy kommune												
	Ballbinge/ballflate Hordabø skule	Radøy kommune												
	Ballbinge/ballflate Austebygd skule	Radøy kommune												

Alle beløp i tusen kr (2015-kroner). Alle kostnader er brutto tal, og investeringane vert i hovudsak finansiert med spelemidlar, kommunen og eigne midlar. K = kommune, SM = spelemidlar og PM = private midlar

### 7.3 Langtidsprogram 2016-2026, ikkje prioritert

Handlingsprogrammet skal rullerast årleg.

Anleggstype	Lokalisering	Kategori	Dimensjonering	Eigar/utbyggjar	År	Kostnad
<b>Universelt utforma badeplass</b>	Uavklara	Nærmiljø		Uavklara		
<b>50 meter miniatyrbane med støydempa standplassbygg</b>	Haukåsen	Ordinært		Radøy sportsskyttarlag		
<b>50 meter miniatyr viltmålbane</b>	Haukåsen	Ordinært		Radøy sportsskyttarlag		
<b>25 meter presisjon pistolbane med støydempa standplassbygg</b>	Haukåsen	Ordinært		Radøy sportsskyttarlag		
<b>Permanent feltpistolanlegg</b>	Haukåsen	Ordinært		Radøy sportsskyttarlag		
<b>Leirduebane jegertrap med støydempa standplass</b>	Haukåsen	Ordinært		Radøy sportsskyttarlag		
<b>Kompakt sportingbane for leirdue med overbygde standplassar</b>	Haukåsen	Ordinært		Radøy sportsskyttarlag		
<b>Permanent løype for jaktfeltskyting med fleksible standplassar</b>	Haukåsen	Ordinært		Radøy sportsskyttarlag		
<b>Viltmål/elgbane med støydempa standplassar</b>	Haukåsen	Ordinært		Radøy sportsskyttarlag		
<b>Ridehall</b>	Søre Solend	Ordinært		Uavklara		

### 7.4 Handlingsplan for aktivitet

Tiltak	Tidsperiode	Ansvarleg	Kostnad/tidsbruk
<b>Setja saman eit årshjul for søknadsordningar, møtetidspunkt, arrangement m.m. for idrettslaga</b>	2016	Radøy kommune/Radøy idrettsråd	
<b>Revidera retningslinjer for tildeling av</b>	2016	Radøy kommune	

kulturmidlar			
Gjennomføra prosjektet kartlegging av friluftsområde i Radøy kommune	2015-2016	Radøy kommune/BOF	150 000 (tilskot) + 3 vekeverk
Utarbeida skriftlege rutinar for samhandling mellom Radøy kommune, idrettsrådet og idrettslaga.	2016	Radøy kommune/Radøy idrettsråd	
Vurdera ei ordning med gratis bading for alle førsteklassingar når det er offentleg bading	2016	Radøy kommune/Radøyhallen	
Starta prosess med statleg sikring av fleire friluftsområde	2016	Radøy kommune/Bergen og omland friluftsråd	
Laga tilstandsrapport og vedlikehaldsplan for nærmiljøanlegg	2017	Radøy kommune	
Ta initiativ til ein interkommunal plan for idrettsanlegg i Nordhordland	2017	Radøy kommune	
Gjennomføra ei kartlegging av fysisk aktivitet og inaktivitet i kommunen	2018	Radøy kommune	

## Årlege aktivitetar/tiltak

Tiltak	Tidsperiode	Ansvarleg	Kostnad
«Svøm deg til..»: Årleg mosjonskampanje i regi av Norges symjeforbund	1. jan – 31. mars	Radøy kommune (Radøyhallen) og Norges svømmeforbund	
Open hall	Vinterferie og haustferie	Radøy kommune (ungdomskoordinatoren)	
Gje ut turbrosjyre med 10 ulike turar med trekning av premiar.	15. april – 15. oktober	Radøy kommune (kultur- og sørrvistorget)	10 000

<b>Sommarferieaktivitetar for ungdom</b>	Juni-august	Radøy kommune (ungdomskoordinatoren)	Varierer
<b>Sommaraktivitetar for born</b>	Juni-august	Radøy kommune (kultur- og sørvistorget evt frivilligcentralen)	Varierer
<b>Organisera friluftsturar ulike stader i kommunen</b>	Mars-oktober	Radøy kommune (kultur- og sørvistorget)	3 000
<b>Rekruttering av treningskontaktar</b>	Årleg	Radøy kommune	

## 8. Litteratur og referansar

"Aktivitetshåndboken", fysisk aktivitet i forebygging og behandling, Helsedirektoratet 2008

Folkehelseinstituttet, [www.fhi.no](http://www.fhi.no)

Forskrift til opplæringslova: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-23-724?q=oppl%C3%A6ringslova>

Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet V-0732 Nynorsk, Kulturdepartementet, 2015

Idrettspolitiske dokument 2015-2019, Norges Idrettsforbund og Olympiske komite 2015

Idrettsrådet – et fellesorgang for idretten i din kommune, Norges idrettsforbund, Hordaland idrettskrets 2014

Kartlegging av folkehelsa. Helseoversikt Radøy kommune 2012/2013

Kommuneplan Radøy kommune 2011-2023

Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet (revidert utgave 2014), Kulturdepartementet

Kommunal årsplan for barnehagane i Radøy 2009-2012

Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2015-2025, Stord kommune

Kulturplan for Radøy kommune 2011-2020

Lov om barnehager: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64?q=barnehag>

Lov om folkehelsearbeid : <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29?q=folkehelse>

Lov om forbud mot diskriminering på grunn av etnisitet, religion mv. <https://lovdata.no/dokument/LTI/lov/2005-06-03-33>

Lov om forvaltning av naturens mangfold: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-100?q=mangfold>

Lov om friluftslivet: [www.lovdata.no/all/nl-19570628-016.html](http://www.lovdata.no/all/nl-19570628-016.html)

Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag: [www.lovdata.no/all/nl-19770610-082.html](http://www.lovdata.no/all/nl-19770610-082.html)

Lov om planlegging og byggesakshandsaming: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71?q=byggesak>

Lov om naturvern: [www.lovdata.no/all/nl-19700619-063.html](http://www.lovdata.no/all/nl-19700619-063.html)

Lov om pengespill m.v: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-08-28-103?q=pengespill>

*Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv - «En satsing på friluftsliv i hverdagen» ; 2014–2020*

*Nasjonal handlingsplan for statlig sikring og tilrettelegging av friluftslivsområder*

*Nasjonal transportplan 2010 – 2019*

*«PREMISS: Kultur» - regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*

*Område for friluftsliv. Kartlegging og verdisetting av regionalt viktige område i Hordaland, 2008*

*Regional plan for folkehelse – «Fleire gode leveår for alle» 2014-2025*

*"Sammen for fysisk aktivitet", Handlingsplan for fysisk aktivitet 2005-2009, et samarbeid mellom åtte departement*

*St.meld. nr. 14 (1999-2000), «Idrettslivet i endring»*

*St.meld. nr 19 (2014-2015) Folkehelsemeldingen: Mestring og muligheter*

*St.meld. 26 (2006-2007) «Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand»*

*St.meld. 26 (2011-2012): Den norske idrettsmodellen*

*St.meld. 34 (2012–2013) «God helse – felles ansvar» (folkehelsemeldinga)*


*St.meld. nr. 39 (2000-2001), "Friluftsliv - ein veg til høgare livskvalitet"*


*Stortingsmelding nr. 47 (2008-2009), "Samhandlingsreformen – rett behandling – på rett sted – til rett tid"*


*Trafikksikringsplan for Radøy kommune 2014-2020*


## Vedlegg 1 - Kart


På neste sider er kart over anlegga, for liste over anlegga i kommunen, sjå vedlegg nr 2.











## Vedlegg 2 – Oversikt over anlegg

Anleggsnr	Anleggseining	Status
1260000103	Grønålen - idrettshus	Eksisterende
1260000201	Haukåsen o-kart	Eksisterende
1260000302	Sæbø skule - ballbinge	Eksisterende
1260000305	Sæbø skule - fleirbrukshall	Eksisterende
1260000306	Sæbø skule - klatrepark	Eksisterende
1260000401	Austmarka - kunsgrasbane	Eksisterende
1260000501	Hordabø idrettsplass - grasbane	Eksisterende
1260000502	Hordabø idrettsplass - idrettshus	Eksisterende
1260000504	Hordabø idrettspark - kunstgrasbane	Planlagt
1260000601	Sletta - grasbane	Eksisterende
1260000602	Sletta idrettsanlegg - garderobar	Eksisterende
1260000603	Samfunnshuset Skogen Sletta - aktivitetssal	Eksisterende
1260000702	Radøyhallen - 25-metersbasseng	Eksisterende
1260000703	Radøyhallen - skytebane	Eksisterende
1260000709	Radøyhallen - fleirbrukshall	Eksisterende
1260001001	Austebrygd skule - aktivitetssal	Eksisterende
1260001002	Austebrygd skule - nærmiljøanlegg	Eksisterende
1260001301	Manger skule - gymnastikksal	Eksisterende
1260001302	Manger skule - småanlegg	Eksisterende
1260001401	Byngja badeplass	Eksisterende
1260001501	Snekkevika badeplass	Eksisterende
1260001601	Solheimsvika badeplass	Eksisterende
1260001801	Austmarka/Solheim gangveg	Eksisterende
1260001901	Urhaug nærmiljøanlegg	Eksisterende
1260002001	Manger nærmiljøanlegg	Eksisterende
1260002102	Austmarka nærmiljøanlegg - aktivitetsplass	Eksisterende
1260002103	Sæbø skule og barnehage - nærmiljøanlegg	Eksisterende
1260002401	Solheimmyrane balløkke	Eksisterende
1260002601	Hordabøhallen	Eksisterende
1260002701	Nesvatnet nærmiljøanlegg - vollebyallbane	Eksisterende
1260002901	Hordabø skule - småanlegg	Eksisterende
1260003001	Skageneset friluftsområde - nærmiljøkart	Eksisterende
1260003002	Skageneset - våningshus	Eksisterende
1260003003	Skageneset - fleirbruksflate	Planlagt
1260003004	Skageneset - grindverksbygg	Planlagt
1260003005	Skageneset - turstiar	Eksisterende
1260003102	Hellaneset - ballbinge	Eksisterende
1260003201	Villanger - badevik	Eksisterende
1260003601	Skytebane Haukåsen - Skyttarhus	Planlagt
1260003602	Skytebane Haukåsen - 100-meters DFS bane	Planlagt

<b>1260003603</b>	Skytebane Haukåsen - 200 meter DFS bane	Planlagt
<b>1260003604</b>	Skytebane Haukåsen - Løpande elg bane	Planlagt
<b>1260003605</b>	Skytebane Haukåsen - 50 m miniatyr bane	Planlagt
<b>1260003606</b>	Skytebane Haukåsen - Hagle trap bane	Planlagt
<b>1260003607</b>	Skytebane Haukåsen - Pistol feltanlegg med presisjonsbane	Planlagt
<b>1260003801</b>	Bøvågen leikeområde - klatrestativ	Eksisterende
<b>1260004101</b>	Orienteringskart Manger-Birkelandsvågen	Eksisterende

## Vedlegg 3 - Evaluering av anleggsutbygginga 2008-2015

### Nærmiljøanlegg

Nærmiljøanlegg er anlegg eller område som er lagde til rette for eigenorganisert fysisk aktivitet og gjerne ligg i tilknyting til bustad- og/eller oppholdsområde. Områda skal vere fritt allment tilgjengelege og laga for eigenorganisert fysisk aktivitet.

Pri.	Stad/type anlegg	Tiltak	Resultatvurdering
1	<b>Manger nærmiljøanlegg</b>	Gjennomføring av landskapsplan 16/5 – 2007  BMX-sykkelbane, tribune, ballbinge og fotballfelt  Nytt klubbhus  Rastepllass	??  Ikkje gjennomført  Ikkje gjennomført
2	<b>Sæbø: Isbane i samband med ny skule</b>	Tiltaket skal ferdiggjerast saman med ny skule	Ikkje gjennomført
3	<b>Manger Ballbinge</b>	Byggja ballbinge i Grønålen	Ikkje gjennomført
	<b>Ved Radøyhallen</b>	Natursti, klatrevegg og leikeplass. Rastepllass	Ikkje gjennomført
	<b>Manger Nærmiljøanlegg</b>	BMX-sykkelbane, leikeplass, gang- og sykkelvei	Ikkje gjennomført
	<b>Ved Radøy ungdomsskule</b>	Tennisbane, basketballbane og sykkelsti. Rastepllass	Ikkje gjennomført
	<b>Austebrygd skule</b>	Opparbeida anlegg og møteplass ved skulen. Rastepllass.	Ikkje gjennomført
	<b>Radøy</b>	Vedlikehald/fornying av eksisterande leikeområde.  Utvikling av møteplassar	Ikkje gjennomført  Ikkje gjennomført

### Idrettsanlegg

Pri.	Stad/type anlegg	Tiltak	Resultatvurdering
<b>1</b>	<b>Sæbø skule: Volleyballhall</b>	Byggja volleyballhall	Realisert i samband med bygging av ny skule.
<b>2</b>	<b>Radøyhallen: Rehabilitering</b>	Rehabilitering av symjehall – idrettshall	Gjennomført
<b>3</b>	<b>Skogen Sletta: Rehabilitering</b>	Rehabilitering av Idrettshall og garderobe	Ikkje gjennomført
	<b>Haukåsen Skytebane</b>	Byggjing av ny skytebane og skyttarhus	Under arbeid
	<b>Sæbø Austmarka</b>	Leggja kunstgrasdekke på eksisterande grusbane	Gjennomført
	<b>Marås Rc- bane</b>	Nytt elektronisk rundeteljeanlegg	Gjennomført
	<b>Manger Ny 7-ar bane</b>		Ikkje gjennomført
	<b>O-kart i Haukåsen (rehabilitering)</b>	Ny synfaring	Ikkje gjennomført
	<b>Manger Garderobar</b>	Garderobar i Grønålen	Ikkje gjennomført

## Revisjon av prioriteringsliste for utbygging av idrettsanlegg

Kommunal plan for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø, 2008-2011 gjekk ut i 2011, men vart vedtatt forlenga til ny plan var på plass. I påvente av ny plan vart det i 2013, 2014 og 2015 vedtatt prioriteringslister for utbygging av anlegg for å sikra retten til spelemidlar. Anlegga som har vore med i prioriteringslistene, er tatt med i tabellen nedanfor.

Stad/type anlegg	Tiltak	Resultatvurdering
<b>Austmarka, kunstgrasbane</b>	Kunstgras på eksisterande grusbane	Gjennomført
<b>Haukåsen, aktivitetsanlegg for skyting</b>	Bygging av aktivitetsanlegg for skyting	Under arbeid
<b>Manger, garderobar/klubbhus</b>	Garderobar/klubbhus i Grønålen	Ikkje gjennomført
<b>Radøyhallen, rehabilitering</b>	Rehabilitering av idrettsgolv og symjehall	Gjennomført
<b>Manger, Grønålen kunstgrasbane</b>	Utskifting av utslitt kunstgras i Grønålen	Gjennomført
<b>Hordabø, kunstgrasbane</b>	Ny kunstgrasbane med lysanlegg	Søkt midlar
<b>Hordabø, lysanlegg</b>	Lysanlegg ved kunstgrasbana	Søkt midlar
<b>Austmarka, garderobebeanlegg</b>	Garderobebeanlegg ved kunstgrasbana	Ikkje gjennomført
<b>Hordabø, anlegg for friidrett</b>	Tilrettelegging for friidrett	Ikkje gjennomført
<b>Hordabø, klubbhus og hus for drift og materiell</b>	Klubbhus og hus til vedlikehald/drift/idrettsmateriell	Ikkje gjennomført
<b>Manger, ny 7-ar bane</b>	Ny 7-ar bane	Ikkje gjennomført
<b>Minianlegg for friidrett i Grønålen</b>	Enkelt friidrettsanlegg i tilknyting til idrettsbana	Ikkje gjennomført
<b>Turveg på Manger</b>	Ca 2 km universelt utformet turveg på Manger	Ikkje gjennomført

## Vedlegg 4 - Lag og organisasjonar

Lag og organisasjonar som har aktivitetar innan idrett og friluftsliv i Radøy kommune.

Lag	Kategori	Kommunal/regional
Barnas turlag Nordhordland	Friluftsliv	Regional
Hordabø idrettslag	Idrett	Kommunal
Keipane kystlag	Friluftsliv	Kommunal
Manger idrettslag	Idrett	Kommunal
Marås 4H	Friluftsliv	Kommunal
Nordhordland jakt og fiskarlag	Friluftsliv	Regional
Nordhordland dykkarklubb	Idrett	Regional
Nordhordland padleklubb	Idrett	Regional
Nordhordland pistolklubb	Idrett	Regional
Nordhordland turlag	Friluftsliv	Regional
Radøy bordtennisklubb	Idrett	Kommunal
Radøy idrettslag	Idrett	Kommunal
Radøy/Manger fotballklubb	Idrett	Kommunal
Radøy RC gruppe	Idrett	Kommunal
Radøy skyttarlag	Idrett	Kommunal
Radøy sportsskyttarlag	Idrett	Kommunal
Radøy symjeklubb	Idrett	Kommunal

Følgjande lag og organisasjonar organiserer faste trimaktivitetar i Radøy kommune:

Lag	Kategori	Kommunal/regional
LHL Radøy	Helse	Kommunal
Radøy revmatikarlag	Helse	Kommunal

## Vedlegg 5 - Klargjering av omgrep

**Idrett:** aktivitet i form av trening, eller konkurranse i den organiserte idretten.

**Fysisk aktivitet:** Eigenorganisert trenings- og mosjonsaktiviteter, inkludert friluftsliv og aktivitetar prega av leik.

**Friluftsliv:** opphold og fysisk aktivitet i friluft, i fritida, med sikte på miljøforandring og naturopplevingar. Friluftsliv kan også inkluderast i omgrepet fysisk aktivitet.

**Idrettsanlegg:** i høve spelemiddelfordelinga vert følgjande klassifisering av idrettsanlegg nyttå:

1. **Ordinære anlegg** er i hovudsak knytt til konkurranse- og treningsverksemnd for den organiserte idretten. Anlegga er stønadsretta til tilskot etter forskrift om spelemidlar til anlegg for idrett og friluftsliv.
2. **Nærmiljøanlegg:** Anlegg eller område tilrettelagt for eigenorganisert fysisk aktivitet, hovudsakleg lagt i tilknyting til bustad- og/eller andre oppholdsrområde. Nærmiljøanlegg/-område skal vere fritt ålment tilgjengeleg. Anlegga kan vera lokaliserte i tilknyting til skular og/eller idrettsanlegg.

**Friluftsområde og friområde:** Felles omgrep på område som er tilgjengeleg for ålmenta si frie ferdsel. Friluftsområde er store, ofte uregulerte, område som i hovudsak er eigd av private, og som vert omfatta av "allemannsretten". Vanlege aktivitetar i områda er turli, jakt, fiske, plukking av bær, fysisk aktivitet og trening. I kommuneplanen sin arealdel er friluftsområda som oftast vist som LNF-område. I reguleringsplanen kan friluftsområde setjast av til spesialområde for friluftsliv.

Friområde er avgrensa område med spesiell tilrettelegging og opparbeiding for ålmenta si uhindra rekreasjon og opphold. Områda er ofte erverva, opparbeida og halden vedlike av kommunen, og kan t.d. vere parkanlegg, turvegar, lysløyper, leikeplassar, nærmiljøanlegg og badeplassar.

**Sikra friluftsområde:** område eigd av stat/ kommune eller område med avtale som sikrar rett for ålmenta.

**Utmark** er udyrka mark, og omfattar det meste av vatn, strand, myr, skog og Stord i Noreg. Udyrka, mindre areal i dyrka mark reknast ikkje som utmark.

**Allemandsretten** sikrar alle rett til fri ferdsel i norsk natur. Allemandsretten er nedfelt i friluftsloven og byggjer på respekt for miljøverdiar, eigarar og andre brukarar. Retten til fri ferdsel og oppheld gjeld i utgangspunktet berre i utmark og på dyrka jord når marka er frosen eller snødekt. Allemandsretten omfattar ikkje ferdsel med motorkøyretøy.

**Universell utforming:** Utforming av produkt, byggverk og uteområde som er i alminneleg bruk på ein slik måte at alle menneske skal kunne nytte dei på ein likestilt måte, så langt som råd er, utan spesielle tilpassingar eller hjelpemiddel.

**Folkehelse:** Folkehelsa vert skildra gjennom å studere helsetilstanden hjå innbyggjarane og i befolkningssgrupper. Det inneber at ein i studiar av folkehelsa først og fremst interesserar seg for helsa til heile befolkninga eller spesifikke grupper. Folkehelsearbeid er samfunnet sin totale innsats for å oppretthalda, betra og fremja folkehelsa. Viktige faktorar knytt til denne definisjonen er omgrep som ansvar, medverknad, solidaritet, meistring og kontroll over eige liv og eigen situasjon.